

Årsrapport 2019



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



"Samskaping"

Intens konsentrasjon under gruppeøving på konvent om rekruttering i Fana prosti.

Foto: Ragna Sofie Grung Moe

Innhald

I: Tilstandsrapport frå leiarane	4
II Introduksjon til bispedømet og hovudtal	6
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart	7
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2019	8
2 B. Volumtal 2015-2019.....	9
2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen	9
III: Aktivitetar og resultat i 2019.....	10
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin	10
3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar	12
3. B. 0 Medlemsutvikling	12
3. B.0.1 Inn- og utmelding.....	12
3. B.1 Gudstenesteliv	12
3.B.1.1 Gudstenester.....	13
3.B.1.2 Vigsler.....	17
3.B.1.3 Gravferder	17
3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester	18
3.B.2 Dåp og trusopplæring	19
3.B.2.1. Dåp.....	19
Djupdykk - analyse av dåpstrendar.....	0
3.B.2.2 Trusopplæring	0
3.B.2.3 Konfirmasjon	1
3.B.3 Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet	2
3.B.3.1 Kultur	2
3.B.3.2 Opne kyrkjer	3
3.B.4 Kyrkje og samfunn	4
3.B.4.1. Diakoni.....	4
3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv	5
3.B.4.3. Trus- og livssynsdialog	5
3.B.4.4 Kyrkja på nett.....	6
3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet.....	7
3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule.....	8
3.B.4.7 Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar.....	9
3.B.5. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning	10
3.B.5.1 Vigslingar.....	10

3.B.5.2 Frivillig teneste	10
3.B.5.3 Trivsel i jobben	10
3.B.5.4 Barne- og ungdomsarbeid	11
3.B.5.5 Presteteneste.....	13
3.B.6. Demokrati og organisasjon.....	14
3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd.....	15
3.C.1 I biskopens søkelys	15
3.C.2 Biskopens og bispedømerådet si forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov	16
IV: Styring og kontroll i verksemda.....	17
Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll	17
4.A. HMT/Arbeidsmiljø.....	17
4.A.1 Arbeidsmiljø	17
Arbeidsvilkår	18
Andre tiltak.....	19
Arbeidsretteleiing (ABV).....	19
4.B. Likestilling	20
4.C Vurdering av mislighetsrisiko	21
V: Vurdering av framtidsutsikter	22
VI: Årsrekneskapen.....	23
6. 1 Leiingskommentarar	23
Vedlegg.....	26

I: Tilstandsrapport frå leiarane

I kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme vert det gjort mykje godt arbeid. Bispedømet har dei siste åra hatt merksemda vend mot alle tiltak som kan sikre god kvalitet i dei møtepunkta folk har med kyrkja. Dette handlar om små skritt, systematikk og gode endringar, over tid. Frå bispedømenivå har vi tettast kontroll på dette inn mot dei tilsette, ved å ha gode forventningar til dei som ressurspersonar. Det handlar mellom anna om god leing, om korleis ein tenker rundt arbeidsmiljø og om ulike målretta kompetansetiltak. Det handlar også om arbeidsmåtar, utviklingsarbeid og samspel med uløna medarbeidarar. Som bispedøme har vi og hatt auka merksemd på korleis vi på alle nivå følgjer opp alle dei frivillige som brukar av si tid i kyrkjelydsarbeid.

Det er arbeidd etter same tiltaksplan for perioden 2018-2020. Med særleg vekt på: Gudsteneste – Ungdom og Diakoni. Vi ser at det er dei sokna som arbeider langsiktig, og med høg kvalitet, som og får utteljing med auka oppslutning.

I 2019 har bispedømet hatt særleg vekt på ungdom og grunnrekruttering. Vi ser at det er god korrelasjon mellom det å søke kyrkjeleg utdanning eller jobb i kyrkja, og at ein har vore innom eit godt ungdomsarbeid. Vi ser og at deltaking i leiartrening har vore ein viktig rekrutteringsfaktor. Det er samstundes viktig å understreke at ungdomsarbeid er viktig i seg sjølv, og vi må ikkje komme dit at vi driv det for å rekruttere. I 2019 har vi hatt særleg merksemd på å styrke nokre miljø som er gode på ungdomsarbeid og bygge klynger for kunnskapsdeling. Dette feltet er avhengig av eldsjeler og eldstader, i følge nyare forskning. Desse miljøa vil vi ta vare på og utvikle. Det er ein liten nedgang i talet på frivillige medarbeidarar frå 12386 til 12163. Det er ein gledeleg auke i talet på vigslingar, særleg av prestar. Begge deler understrekar at det er naudsynt å arbeide systematisk med dette feltet.

Det er mange ledige stillingar, men kritisk få søkjarar. Dette gjeld fleire stillingskategoriar enn prestar. Det gjeld nokre stader også rekruttering av medlemmer til sokneråd. Dette er av dei områda med høg risiko for oss som landsdekkande kyrkje. Dette har vi difor prioritert ekstra høgt i 2019, med vekt på å bygge langsiktige strategiar. Det har mellom anna vore samlingar i alle prosti der kyrkjevevringane og prestane har vorte utfordra på å ta leiaransvar for den strategiske samtalen som alle sokneråd bør ta på dette området. Det har vore merksemd på å tenke systematisk rundt ungdomsarbeid og leiarutvikling, lokalt og i prostiet. Det har handla om å gje mot og støtte til å tenkje nytt rundt korleis ein prioriterer ressursane. Bispedømet har spela opp til dans, for å skape meir kunnskapsdeling og innovasjon. Dette handlar om å skape kultur for å vere ein lærande organisasjon. Samordna leing, og heilskaplege strategiar lokalt, vil vere viktig for å styrke kyrkjelydane si evne til å møte utfordringane. Her har bispedømet valt å ta ei aktiv rolle, ved å prioritera ressursar og ta risiko.

Ut frå ei heilskapleg og overordna vurdering er vi nøgd med måloppnåinga på dei fleste område i Bjørgvin bispedøme i 2019. Særleg sett ut i frå at ein har hatt svært mange vakansar i prestestillingar. Særleg krevjande har det vore med vakanse i fleire prostestillingar. Mange gode vikarar og pensjonistar, og frivillige, har gjort ein viktig innsats for å møte desse utfordringane. Det er likevel samla ei gradvis nedgang på dei fleste områda. Gode tiltak bremser denne tendensen noko, men det er store lokale variasjonar.

Det er teikn til at ein nokre stader har auka oppslutning rundt gudstenester. Dette har då ofte fleire årsakssamanhengar, men satsing på auka kvalitet i preikene speler med i denne heilskapen. Diakonal satsing på kyrkjekaffien kan andre stader vere hovudårsaka. Nedgangen i Bjørgvin er 0,8 %, til 90,2 i snitt per gudsteneste. Landssnittet er 1,1 % nedgang til 89,2 per gudsteneste.

Statistikken frå medlemsregisteret viser 3909 døypte i 2019 mot 4107 i 2018. Det er av erfaring ikkje fullstendig oppdaterte tal, men vi får eit bilete på ein nedgang som er kritisk. I Bjørgvin har vi ikkje hatt nokon større aksjonar eller tiltak, men forsøkt å arbeide systematisk på fleire område på same tid. Vi trur det handlar om individuelle val og faktorar, om informasjon, relasjon og om tradisjon. Vi ser at vi kan arbeide meir med informasjon og kommunikasjon ut til breidda av dei som står i ein valsituasjon, anten det er opp mot foreldre med barn eller ungdom og vaksne som ikkje er døypte.

Det er og ein liten nedgang i oppslutning på trusopplæringa. Konfirmasjon har vore stabil, men vi har sett tendens til ei svakare utvikling, og har fått ein nedgang frå 90 % til 87 %. På dette området har vi sett inn tiltak for å betre oppslutninga, mellom annan med å styrke tilbodet om leir for dei kyrkjelydane som ikkje klarar å ha leir aleine.

Kyrkjevalet i 2019 fekk noko redusert oppslutning. Det har og vore mange kommunesamanslåingar som har prega 2019 på fellestrådsområdet. Det er godt samarbeid med fellestråda. Bjørgvin har mange fellestråd og må difor arbeide langsiktig på felles kompetansebygging og samhandling.


Bjørgvin bispedømeråd har hatt stram og god styring på ressursbruken gjennom heile 2019. Økonomien er i balanse, men prognosen var eit relativt stort mindreforbruk. Vi har lyst ut mange ledige prestestillingar, men med få eller ingen søkjarar. Det har vore ei utfordring å ha kapasitet til å handtera dette i periodar. Det er for tidleg å evaluera effektiviseringsarbeidet med opprettinga av felles einingar innan løn, økonomi og arkiv. For Bjørgvin sin del har vi hatt ein svært effektiv administrasjon over år, samstundes med at vi har eit stort bispedøme med mange tilsette og mange sokn å betene. På nokre område har vi i 2019 ikkje kunna levere like god kvalitet som ein ønskjer. Det er og brukt meir ressursar på nokre av områda, fordi ein har mista viktig kompetanse. Samstundes har vi lagt ned eit stort arbeid i å løfte kvaliteten i det å vere arbeidsgjevar og på å understøtte det lokale arbeidet i kyrkjelydane.

Vår vurdering er at vi langt på veg har nådd realistiske resultat ut frå måla vi sette oss for 2019. Systematisk arbeid med basisfunksjonane i personalarbeidet er eit viktig element i ein kvar organisasjon. Ved å redusere faktorar som tek energi frå hovudoppgåvene, reduserer ein risiko for å ikkje nå måla. Kvaliteten i møta med folk er vesentleg for å nå kvantitative mål på alle område. Vi har tru på at endring og utvikling skjer gjennom dei systematiske, små stega, understøtta av nokre større satsingar som gjev løft og inspirasjon for heile organisasjonen.

Samla sett viser resultatata frå 2019 at kyrkja står sterkt i Bjørgvin bispedøme. Det er brei oppslutning om folkekyrkja, med sterke, lokale kyrkjelydar. Det blir gjort svært mykje godt arbeid i alle ledd av det kyrkjelege arbeidet rundt om i heile bispedømet. Det er stor innsats, høg motivasjon og god kompetanse både hos tilsette og frivillige. Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.

Bergen, 6. mars 2020


Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar


Halvor Nordhaug
biskop

II Introduksjon til bispedømet og hovudtal

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bjørgvin bispedøme er eit av 11 bispedøme i Noreg. Bispedømerådet har 10 medlemmer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leiar prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er **«Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, bygge kyrkjelydar og fremje rettferd»**.

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer å vere ei tydeleg folkekyrkje både i byar, tettstadar og griskrendte strok av bispedømet.


I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 182 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det var 59 kommunar, med 58 tilhøyrande kyrkjeleg fellesråd. Frå 1. januar 2020 hadde bispedømet 174 sokn med tilhøyrande sokneråd. Talet på kommunar er redusert til 43 og det er 43 kyrkjelege fellesråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

Bispedømerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestetenesta. I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrkjelege tilsette har i hovudsak fellelrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.19 tilsett 171 prestar og prostar i 171 årsverk, av desse er 155 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 15 personar i 14,5 årsverk. Desse har bispedømerådet som arbeidsgjevar. To medarbeidarar i tillegg til dette har Felles økonomi eining som arbeidsgjevar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med fylka Hordaland og Sogn og Fjordane med til saman 636 533 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 283 929 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 74,3 prosent¹ er kyrkjemedlemmer i Bjørgvin mot 71,3 prosent i snitt for heile landet.

Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



¹ Dersom vi berre reknar døypte medlemmer, er 72,3 % av innbyggjarane i Bjørgvin medlemmer av Den norske kyrkja

2 A. Nøkkeltal for bispedømmet pr. 31. desember 2019

Prosti	Sokn	Medl. (døyppte)	Inn- byggjar- tal	Med- lems- prosent	Ut- melde	Inn- melde	Endrin- gar i medl. tal 2017- 2018	Endrin- gar i medl. tal 2018- 2019
11	182	460196	636533	72,30 %	329	2443	-0,5%	-0,6%
Bergen domprosti	6	44050	** 322171	65,74 %	41	441	*** 0,5%	-1,1%
Fana	7	72221			38	362		0,04%*
Åsane	11	50451			26	318		-1,1%
Bergensdalen	9	45060			50	432		-0,9%
Sunnhordland	23	47514	59673	79,62 %	30	163	-0,2%	-0,7%
Nordhordland	19	29352	37820	77,61 %	20	132	0,4%	-0,5%
Vesthordland	11	51164	67869	75,39 %	37	201	-0,4%	-0,1%
Hardanger og Voss	27	34860	43695	79,96 %	26	111	-1,1%	-0,5%*
Sogn	26	23369	28866	80,96 %	14	87	-0,6%	-0,9%
Sunnfjord	17	36395	44972	80,93 %	26	117	-0,9%	-0,8%
Nordfjord	26	26115	32629	80,04 %	21	79	-0,9%	-0,9%

* Fusa sokn vart i 2019 overført frå Hardanger og Voss til Fana prosti. Korrigert for dette, var det ein ørliten oppgang i medlemstalet i Fana, og ein redusert nedgang i Hardanger og Voss i høve til tala for 2018.

** Samla tal for prostia i Bergen, inkl. Austevoll, Os, Fusa og Osterøy

***Bergensdalen prosti vart oppretta i 2017 av delar av domprostiet og Fana, difor er det samla samanlikningstal for alle Bergensprostia

2 B. Volumtal 2015-2019

	2015	2016*	2017	2018	2019 #
Dåpshandlingar	4946	4809	4448	4238	4001**
Døyppte	4928	4674	4355	4107	3909
Konfirmerte	5 872	5488	5254	5215	5108
Kyrkjelege vigsler	1025	899	885	842	750
Kyrkjelege gravferder	4400	4264	4190	4228	4214
Gudstenester totalt	8469	8362	8252	8375	8160
Gudstenestedeltakarar totalt	783208	775018	744375	734833	721106

Alle tal er kvalitetssikra tal når det ikkje står noko anna. NSD er tal frå Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste og MR er Medlemsregisteret formidla via Kyrkjerådet.

* Korrigert for feil tal i Olsvik 2016

** Dåpstala i Medlemsregisteret (MR) er for låge på grunn av etterregistreringar i følgje Kyrkjerådet. Førebels tal på dåpshandlingar rapportert frå prostane er 4062.

Førebels tal frå SSB 04.02.20, alle sokn har ikkje levert, dei som manglar er erstatta med 2018-tal. Talet på dåpshandlingar og døyppte kjem frå Medlemsregisteret 31.12.19. Endelege tal kjem i juni.

2 C. Nøkkeltal frå årsrekneskapen

	2017	2018	2019
Tal årsverk	165,8	179	184,7
- del av dette som er presteneste	152,15	163	171,2
Samla tildeling budsjettgr. 1A 1)	161.649.000	148.444.000	152.674.000
Utnyttingsgrad budsjettgr. 1A			
Løns- og driftsutgifter	161.554.000	148.341.000	157.282.000
Del løn av driftsutgifter	91,7%	91,1%	89,3%
Del løn brukt i prestenesta 2)	136.646.769	124.346.000	81,4 %
Lønsutgifter per årsverk	843.499	762.858.000	760.632.000







1) Tildelinga er lågare enn i 2017 på grunn av at pensjonskostnad ikkje var inkludert. Denne vart i 2018 tatt sentralt.

2) Bjørgvin har 6,75 årsverk 2019 og 10,60 årsverk 2020 i pensjonistløn, ref statistikkheftet tabell 5.5. I tillegg har vi 3,5 årsverk finansiert ved avtaler.

III: Aktivitetar og resultat i 2019

3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål	Resultatmål	Resultat	
1. Gudstenestelivet blømer	Oppslutninga om gudstenestene aukar	Gjennomsnitt søndag går ned frå 91,0 til 90,2.	↓
	Gudstenestetilbodet vert halde oppe	Talet på gudstenester går ned frå 8374 til 8160	↓
	Fleire vel kyrkjeleg vigsel	Nedgang frå 847 til 750	↓
	Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe	Tal på kyrkjeleg gravferd i prosent av døde, auka frå 90,1 til 90,9	↑
2. Fleire søker dåp og trusopplæring	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Ned frå 80,4 til 79,4 prosent av døypte 1-åringar som er born av medlemmer	↓
	Auke i omfanget av trusopplæringstilbod	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått ned frå 223,3 til 216,3 timar.	↓
	Auke i oppslutninga om trusopplæringa	Ned frå 49 % til 48 %.	↓
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	Ned frå 90 % til 87 % av døypte 15. åringar som blir konfirmerte	↓
3. Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet	Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarr.	Det er ein nedgang i konsertar og kulturarr. frå 1852 til 1849.	↓
	Fleire opne kyrkjer	Talet på opne kyrkjer auka frå 59 til 66.	↑
4. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet	Fleire kyrkjelydar med diakonal betening	Nedgang på ein diakon frå 69 til 68, men forventa oppgang frå 2020	↓
	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integreringsarbeid har auka frå 37 til 39.	↑
	Arbeidet med religionsdialog blir styrka	Kirkelig dialogsentar i Bjørgvin har jamn drift.	→
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Auke i talet på økter og unike brukarar på nettsidene og følgjarar på facebook	↑
	Kyrkja er synleg på fleire arenaer i det offentlege rommet.	Biskopen har ein nedgang i presseoppslag og i offentlege møte, delvis på grunn av studieperm.	↓
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule aukar.	Tal på skulegudstenester auka frå 421 til 428	↑

5. Fleire finn sin plass i kyrkjeleg arbeid	Rekrutteringa til vigsla stillingar blir styrka	11 vigslingar mot 7 i 2018. Ordinasjon av ni prestar, vigsling av ein kateket og ein kantor	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige går ned frå 12386 til 12163	
	Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben	Sjukefråvær 4,11 prosent i presteskapet, 3,5 for alle tilsette. Dette er ein nedgang frå i fjor.	
	Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrka	Talet på deltakarar på tilbod for 13 – 17 år/18-30 år viser auke i kontinuerlege tilbod, delvis auke i enkelttiltak, men nedgang i leiarkurs.	
6. Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon	Oppslutninga om kyrkjeval blir halden oppe	Samla oppslutnad om kyrkjevalet var 11,44 %. Dette er ein nedgang i høve til valet i 2015, då 15,37 % av medlemene stemte.	
	Reduksjon i administrative kostnader	Frå 8,25 til 7,75 prosent adm. stilling i forhold til prestestillingar.	


3 B. Mål og resultat – nøkkelindikatorar

3. B. 0 Medlemsutvikling

Det er tydeleg skilnad på Bergensprostita og resten av bispedømet. I Bergen er medlemsprosenten 65,74 %, medan alle prosti unntatt Vesthordland og Nordhordland som ligg inntil Bergen har over 79% medlemmer. Det same biletet teiknar seg når me ser på endringar frå 2018 til 2019, det er berre to prosti som har over ein prosent nedgang og det er Domprostiet og Åsane i Bergen.

*Tala viser talet på medlemmer (utan tilhøyrande). Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja. * Fusa sokn vart i 2019 overført frå Hardanger og Voss til Fana prosti. Korrigert for dette, var det ein ørliten oppgang i medlemstalet i Fana, og ein redusert nedgang i Hardanger og Voss i høve til tala for 2018.*

3. B.0.1 Inn- og utmelding



Det er ein 35% auke i utmeldingar i 2019. Det er ikkje uventa fordi det var valår og mange som fekk valkort vart minna både om at dei er medlemmar og at det er fyrste valår ein kan melda seg inn og ut på nettet. Det er interessant at Bergen by er overrepresentert med 63 % av utmeldingane sjølv om Bergen berre har 53% av medlemmene. Dette tolkar me som om at den tradisjonelle tilknytninga til kyrkja minskar meir i byen. Me ser og ein 12% auke i talet på innmeldingar som det og er rimeleg å knyta til at kyrkjevalet aktualiserer tilknytninga til kyrkja.

3. B.1 Gudstenesteliv

Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadfestar karakteren av å vera folkekyrkje

Bjørgvin er det største bispedømet og det bispedømet i landet som har flest gudstenester, 8160, og som samlar flest til gudstenest både på sundag og totalt, 721106, nesten 100 000 fleire enn nr to. Samstundes er Bjørgvin eit bispedøme med ein stor by og mange små sokn på bygdene slik at

gjennomsnittstal gjev eit dårleg bilete av tilhøva, og statistikken viser at utviklinga er ulik i byen og på bygda og det ser ut som den folkekyrkjelege oppslutninga om gudstenesta er sterkast på bygdene.

3.B.1.1 Gudstenester

Strategisk mål: Gudstenestelivet blømer

Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar per gudsteneste

Indikator 1a: Gudstenestedeltaking


Det har over tid vore justeringar i talet på gudstenester, så den beste indikatoren for oppslutninga om gudstenesta er gjennomsnittleg frammøte og gudstenestebesøk per medlem.

Kyrkjevanane endrar seg over tid

Prostane melder at nedgangen ikkje berre skuldast at færre kjem til kyrkje, men at dei som kjem, gjer det sjeldnare.

	1998	2008	2013	2014	2015	2016*	2017	2018	2019
Gjennomsnitt søndag	103,5	100,1	99,9	99,4	98,6	96,3	92,6	91,0	90,2
Gjennomsnitt alle gudst	97,4	89,8	94,4	94,2	92,5	93,1	90,2	87,8	88,4

*korrigert for feil tal i Olsvik i 2016, så det er høgare enn SSB-talet




Gjennomsnittleg gudstenestebesøket totalt er gått ned med 0,6%, men på søn- og helgedagar er det 0,8% lågare enn i 2018. Dette tyder på det som prostane melder; at det er ein tendens at fleire går på andre gudstenester i staden for på søndag.

Björgvin følgjer stort sett den nasjonale trenden for søn- og helgedagsgudstenester sidan 2011, men det ser ut som om nedgangen har gått seinare her dei to siste åra slik at kurven flatar ut og bispedømet ligg over det nasjonale gjennomsnitt med 90,2 (91 i 2018) mot 89,2 (91 i 2018) nasjonalt.

Vi ser òg at kyrkjene i Bergen by trass nedgang samlar i gjennomsnitt 98 (101 i 2018) per søndagsgudsteneste mot 86 (87 i 2018) utanfor byen. Dette betyr ikkje at det er meir kyrkjegang i byane, men at kvart sokn har fleire medlemmer enn i mindre bygdesokn.

I gjennomsnitt går kvart kyrkjemedlem i byprostia til søn- og helgedagsgudsteneste 1 gong i året medan ein utanfor byen går 1,5 gonger. Størst aktivitet er det i Hardanger og Voss prosti der kvar medlem går 2 gonger. Dette er ikkje eit prosti med høg bedehusaktivitet, med det prostiet i Hordaland som har høgast medlemsprosent og flest sokn, så det er nok ein indikasjon på at den folkekyrkjelege tradisjonelle kyrkjegangen står sterkt i prostiet.



Gudstenestedeltaking heng saman med nedgangen i talet på gudstenester, difor er endringane i deltaking større enn endringane i gjennomsnittleg frammøte.

For bispedømet samla er det ein nedgang på 1,83% frå 2018 (583734) til 2019 (573070), men ser me på dei ulike prostia og skilnaden mellom by og land vert biletet meir nyansert. Det er auka kyrkjeshøknad i byprostiet Bergensdalen (4,24%) og i landprostia Nordhordland (2,66%), Sunnfjord (0,80%). Størst er nedgangen i Bergen domprosti (5,24%) og Åsane (6,86%) i Bergen.

Ser me på den langsiktige trenden frå 2013 til 2019 er nedgangen i bispedømet samla på 12,71%, men også her med regionale skilnader. Gudstenestedeltakinga i Bergensprostia har gått nedover med 15,37% frå 2013 til 2019 medan prostia utanfor Bergen har ned gått med 11,17% og nedgangen er blitt mindre dei siste åra. Minst nedgang har det vore i Nordhordland (3,45%), Vesthordland (6,6%) og Sunnhordland (7,79%) som har det til felles at det er prosti der bedehusrørsla og frikyrkjer har stått og står sterkt. Dette tyder på at mange som er aktive på bedehus og går i kyrkja og at dette bidrar til at det er eit sterkare relevant kristen nærvær i lokalsamfunnet noko som fremmer tradisjonell folkekyrkjeleg kyrkjegang.

Nattverd


	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Gudstenester med nattverd	4277	4229	4417	4388	4485	4474
Nattverdsdeltakarar	156209	157308	159950	158303	157086	157020
Gj.snitt nattverddeltaking	36,5	37,2	36,2	36,1	35,0	35,1

Det er stabil nattverddeltaking, gjennomsnittleg deltaking er den same, men talet på nattverdgdustenester og dermed deltakarar har gått litt ned. Nattverdtalet vil på ein annan måte enn gudstenestedeltaking spegla den kyrkjeaktive kjernen. Samtidig veit vi at det er blitt meir vanleg med nattverd også på gudstenester som samlar mykje folk og på gudstenester knytt til trusopplæring, så det er også ein indikasjon på at terskelen for å gå til nattverd er lågare.

Resultatmål: Gudstenestetilbodet vert halde oppe

Indikator 2: Gudstenestefrekvens søn- og helgedagar

Gudstenestefrekvensen i Bjørgvin er 53,7 % og speglar eit bispedøme med store regionale skilnader. Bispedømet har 182 sokn og mange av dei er små og, det er stort sett berre i byane og større tettstader det er gudsteneste kvar søndag, til dømes er det i Sogn og Fjordane er det berre Førde, alle andre har annankvar søndag eller sjeldnare.



Det er svak nedgang i talet på søn- og helgedagsgudstenester på 1% frå 2018 til 2019, det er mindre nedgang i dei fleste prosti, det er berre Åsane prosti i Bergen og Sunnhordland prosti som har meir enn 15 færre gudstenester enn i 2018 og desse to prostia står for over halvparten av nedgangen i bispedømet. Prosten i Åsane koblar denne nedgangen med vakansar og vanskar med å rekruttera prest. I andre prosti med vakansar har ein klart å halda oppe gudstenestetallet.

Talet på andre gudstenester svingar meir avhengig av aktiviteten i kyrkjelyden t.d. trusopløring og trongen for ekstra konfirmasjonsgudstenester på laurdag. Det er ein nedgang på 2,6% som betyr at talet for 2019 er tilbake på same nivå som i 2017 etter ein oppgang i 2018.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019#
Tal gudstenester søndag	6598	6461	6484	6446	6419	6356
Gudstenester andre dagar	1926	2008	1878	1806	1956	1804
Gudstenester Totalt	8524	8469	8362	8252	8375	8160

#Tala i denne tabellen er justert i forhold til offisielle tal frå SSB/NSD, det viser seg at dei førebelstala som vart bruka tidlegare år alle er lågare enn det endelege talet.. For 2019 er det førebels tal frå SSB alle sokn, og endelege tal kjem i juni 2020.

3.B.1.2 Vigsler

Resultatmål: Fleire vel kyrkjelege vigsler

Indikator 3: Talet på kyrkjelege vigsler

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal kyrkjelege vigsler	967	1033	900	882	847	750

Det ligg ikkje føre offisielle tal på inngåtte ekteskap for 2019, men i følgje forskning.no har talet på inngåtte ekteskap gått ned nesten kvart år dei siste ti åra og ikkje sidan 1994 har det blitt inngått så få ekteskap totalt i Noreg som i 2018, det var seks prosent færre enn i 2017. I 2018 låg Bjørgvin over den nasjonale trenden med fire prosent færre kyrkjelege vigsler enn i 2017, men i 2019 er det ein nedgang på 11%. Det er vanskeleg å seia noko om årsaka til desse svingingane, men det var ein samla nedgang også i vigsler i regi av Human-Etisk forbund i Hordaland og Sogn og Fjordane på 34 % frå 2018 til 2019, så mykje tydar på ein generell nedgang i talet på vigsler.

Den nasjonale medlemsundersøkinga viser at det er 58% av medlemene som vil ha kyrkjeleg vigsle, det er to prosent under landsgjennomsnittet, men Bjørgvin ligg òg to prosent under snittet på dei som seier nei, 18% og har ei større veit ikkje-gruppe på 24%. Prostane melder om at trenden er meir individualisme og fleire brudepar som vil gjera noko spesielt ut av bryllaupet. Dette slår kanskje negativt ut for det tradisjonelle kyrkjebryllaupet no når kommunepolitikarar kan stå for vigsla og kanskje gje større individuell friedom til å utforminga av seremonien og rammene rundt. Som svar på utfordringa, for å vera meir imøtekomande, har biskopen i Bjørgvin opna for større fleksibilitet i val av vigselstadar og gjeve prest og prost ansvar for å godkjenna stadar utanom kyrkja.

3.B.1.3 Gravferder

Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeleg gravferd vert halden oppe

Indikator 4: Del kyrkjelege gravferder av talet på døde

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal kyrkjelege gravferder	4395	4400	4263	4185	4258	4214
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde	93,5	91,8	88,6	90,2	90,1	90,9

I 2019 var det ein auke i prosent kyrkjelege gravferd sjølv om talet på gravferder gjekk ned fordi det også var nedgang i talet på døde (4637 i 2019 mot 4735 i 2018). Dei siste åra har det vore ein svak nedgang, mindre enn ein prosent på fem år, noko som tyder på at dei kyrkjelege rituala står sterkt som livsrite, men og at det mange stader ikkje er så mange uttalte alternativ.

I fylgje medlemsundersøkinga ynskjer 75% av medlemene ei kyrkjeleg gravferd, men dette er alle aldersgrupper og det er truleg at det er større i eldre aldersgrupper. Det er verdt å merka seg at veit

ikkje-gruppa er stor, 18% og berre 7% seier nei til kyrkjeleg gravferd. Dette tyder på at det høge nivået kan halda seg.

3.B.1.4. Samisk språk i gudstenester

Resultatmål : Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

Indikator 5: Tal på kyrkjelydar som inkluderer samisk språk i lokal gudstenesteordning

I 2019 var det 9 gudstenester med samiske innslag i 7 kyrkjelydar, mot 6 i 2018, 3 i 2017 og 4 i 2016. Bortsett frå Bergen domkirke menighet som har årleg samisk gudsteneste med norsk preike ved nordsamisk prest i Mariakirken, er dette innslag av samisk i liturgien på vanlege gudstenester. Dette vurderer vi som eit normalt nivå i eit bispedøme med få samar, samtidig som det viser at kyrkjelydane er opne for å inkludera det samiske når det er aktuelt lokalt. Det er stort sett dei same kyrkjelydane som rapporterer, noko som tyder på ein medviten praksis på nokre dagar, t.d. skaparverkets dag, men det skjer og når det er aktuelt, t.d. dåp i samisk familie, eller som ein sa: “Jeg brukte i alle fall samisk under gudstjenesten på søndag for forfulgte for å markere hvordan det er å komme til land hvor språket er ugjenkjennelig.”

3.B.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring

3.B.2.1. Dåp

Resultatmål 1: Oppslutninga om dåp vert halden oppe


Indikator 1: Prosent døypte av tilhøyrande born som er 1-5 år per 1. januar 2019

Det er to tydelege tendensar i dåpsstatistikken, dåpsstalet går ned og prosenten av medlemmer som døyper borna sine går ned.

Dåpstal i bispedømmet i femårsperspektiv	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bjørgvin bispedømme (Dåpshandlingar)	4951	4 946	4 809	4448	4 238	4001
Talmessig endring frå året før		-5	-137	-361	-210	-237
Prosentvis endring frå året før		-0,10 %	-2,77 %	-7,51 %	-4,72 %	-5,59 %


Alder:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Endring frå 1-2 år	Endring frå 1-5 år
	79,4	81,1	81,2	82,3	82,2	-1,7	-3,2

Dersom ein legg til grunn dei førebels tala på dåp (dei er erfaringsmessig for låge på grunn av sein rapportering og i tillegg er skilnaden på medlemsregistertal og direkterapporterte for stor til å leggja vekt på detaljar) er oppslutninga om dåp 95 % av nivået for 2018. Ser ein på prostinivået er det store skilnader som ikkje teiknar noko tydeleg mønster fordi både dåpstal og fødselstal er ulike i dei ulike prostia, men i ein femårsperiode har byprostia hatt mindre bratt nedgang enn bispedømmet.



Dåp	2016	2017	2018	2019	Oppslutning av 2018
Dåpstal	4809	4448	4238	4001	95,2%
Dåpskull/fødde			6864	6745	
Døpte av fødde			60%	58%	

Nå me ser på endringane i dåpstala er det vanskeleg å kommentera dei utan å sjå på fødselstal når me ikkje lenger har tal for tilhøyrande 0-1 år. Her ser me at nedgangen i dåpstal er større enn nedgangen i fødselstal. På seks år mellom 2013 og 2018 har fødselstalet minka med 7,6% og dåpstalet med 18,9%, altså ein reell nedgang i dåp på 11,3%.




Djupdykk - analyse av dåpstrendar

Er nedgangen i dåpstal eit symptom på at kyrkja har for dårleg kontakt med unge familiar?

Mange stader i bispedømet som har god oppslutning om konfirmasjon og stabilt gudstenestebesøk melder om ein klar synkende tendens på dåp. Ein av prostane skriv i si årsmelding: «Dette er nok eit symptom på at kyrkja har for dårleg kontakt med unge familiar i dag.»

Dette stemmer med dei trendar som forskning på dåp viser og på trendar i bispedømet. Tendensen er at dåpstala går meir ned i Bergen by enn i dei landprosti der fleire faktorar tyder på at tradisjonen er sterkare, t.d. betre gudstenesteoppslutning og større oppslutning om trusopplæringstiltak.

For å ha sjanse til å snu eller begrensa trenden må ein ikkje berre fokusera på dåpstal og dåpshandlinga, men identifisera kva som er drivkreftene bak og som motiverar til dåp. Ved å halda tilbakemeldingar frå prostane og kyrkjelydane og statistikken saman med funn frå forskning på dåp meiner me å ha identifisert fire hovudfaktorar som kvar på sin måte kan vera med å motivera til dåp eller motverka dåp: **Tradisjon, tru, fest og informasjon**. Tradisjon er den viktigaste drivkrafta, den er kollektivt forankra og vert styrka ved relasjonar. Når tradisjonen nærmar seg trusdimensjonen er det med vekt på å høyra til, og når den nærmar seg festen er det med vekt på familiehendinga og livsriten. Informasjon om dåpen er ein meir individuell faktor som vender seg til foreldra frå ein annan sfære og der ein meir individuelt må ta stilling. Når ein nærmar seg trusdimensjonen frå den sida vert det vekt på teologi og personleg val. Når ein nærmar seg festen vert fokus på oppleving og det praktiske.



Tradisjonen vert overlevert frå relasjonar ein er ein del av, særleg familien, Skulen har vore særskild viktig saman med eit relevant kristent nærvær i lokalsamfunnet for å halde oppe tradisjonen. Skulen gav eit kristent kunnskapsunivers, kyrkja gav ritual til eit lokalsamfunn der kristentrua var relevant. No er både desse faktorane svekka. Når dåpsforeldra ikkje har hatt kristendomskunnskap, men kritisk orientering om religion har dei ikkje fått med seg det kristne universet og verdssystemet og den drahjelpa det gav til å halde oppe tradisjonen med dåp. Kyrkja har ikkje hatt behov for å arbeida med relasjonane og tradisjonen, for dei var der. Når dei no forsvinn er det vanskeleg for kyrkja sine folk som enno lever i tradisjonen å oppfatta omfanget av endringane. Det er lett for kyrkja å tenka at ein må informera meir,

at det er ein mangel på kunnskap og informasjon som ligg bak synkande dåpstal i staden for gå i dialog med unge familiar og styrka relasjonen til kyrkja og dermed dåpstradisjonen.

Medlemsundersøkinga for Bjørgvin viser at i dåpsforeldregruppa under 30 år og 30-49 år er det 14% som er aktive (grøn gruppe), d.v.s. scorar høgt på kyrkjebesøk og tru og har ein relasjon til kyrkja. Gjennomsnittet er 21% grøne og blant dei over 50 år er 28% grøne. Mange av spørsmåla som har med tru og kyrkjeleg aktivitet å gjera er ikkje fordelt på alder, men det er rimeleg å tru at dåpsforeldregruppa scorar lågare på kyrkjeaktivitet og tru enn gjennomsnittet. Samtidig tilhøyrrer 56% av dei under 30 år og 61% av 30-49 år «gul gruppe», d.v.s. at dei har eit forhold til kyrkja med låg aktivitet og tru, men utan å vera avvisande, tvert om kan dei vera ganske positive. Ein av grunnane til at besteforeldregenerasjonen, som tradisjonelt har overlevert dåpstradisjonen, er dobbelt så aktive som dåpsforeldregenerasjonen, kan vera at relasjonen til kyrkja blei etablert i eit samfunn der kyrkja var viktigare og skulen gav identitetsbyggande opplæring i kristen tru.

Undersøkingar som går direkte på dåp, *ET RELIGIØST LANDSKAP I ENDRING. Oppslutning om dåp på Østre Romerike* - Romerikeundersøkelsen 2016 (N-R) og Folkekirke 2000 (N-F), og frå Sverige: Dop i förändring 2019 (S), viser at dei to viktigaste grunnane til å velja dåp er: -Det er ein fin tradisjon (N-R:91,4%, N-F:87,3%, S:72%) og -Det er tradisjon i vår familie (N-R:76,8%, N-F:73,9%, S:49%) På femteplass kjem: -Vil at barnet skal tilhøyra kyrka (N-R:66,5%, N-F:51,5%, S:43%). Dette talar for at tradisjonen og det kollektive perspektivet er dei viktigaste faktorane. Festen er tolka som familiehending og trusdimensjonen som å høyra til.

For dei som ikkje vel dåp, dei som kyrkja ynskjer å påverka til å endra haldning, viser undersøkingane at det er fire dominerande grunnar til at ein ikkje vel dåp:

- Vil gje barnet mitt sjanse til å velja seinare i livet (N-R:66,7%, N-F:72,6%, S:51,6%).
- Partnaren vil ikkje /Press frå ektefelle/partner (N-R:61,3%, N-F:60,0%, S:16,4%).
- **Liten tilknytning til kyrkja** (N-R:60,0%, N-F:42,0%, S:22,5%).
- Er ikkje truande (N-R:51,6%, N-F:45,5%, S:44,5%).

Her er det det individuelle perspektivet som dominerer, trua er meir eit trusstandpunkt enn det å høyra til og relasjonen til kyrkja er svak. Men ein svak relasjon kan styrkast, det kan kyrkja gjera noko med.

Konklusjonen for kyrkja i Bjørgvin er at det ikkje er nok å fokusera på informasjon og dåpsteologi, det viktige spørsmålet er: Når tradisjonen ikkje gir unge ein relasjonen til kyrkja, korleis skal ein då bygga ein relasjon til unge foreldre og framstå som relevant. Det inneber at ein må ha ein vilje til å endra måten ein arbeidar på og å ta ned tersklane, for det er ein fare at kyrkja vert for opptatt av seg sjølv og ikkje ser at ein har bygd ein kultur der ein treng kristen bakgrunn, kunnskap om Bibelen og kristendomen og ein relasjon til kyrkja og trua for å kjenna seg heime. Skal ein ha håp om å endra dåpstrenden, må ein gå i dialog med unge vaksne som ikkje avviser trua, det er dei fleste, og vera kyrkje og feira gudsteneste på ein måte som svarar på deira behov og vert opplevd som relevant.

Dåp har alt vore tema på prostemøte og i mange prostikonvent. I årsrapportsamtalane i trusopplæringa har ein snakka om korleis dåpssamlingar, som for ein stor del er informasjon om dåp og om trusopplæringa, fungerer i forhold til den individuelle dåpssamtalen som lettare bygger relasjonar. Det kan bli ein konflikt mellom arbeidstid og relasjonsbygging. Samtidig kan trusopplæringstiltak som babysong, open barnehage og familiegudstenester som ikkje vert for lange, møta foreldra sine behov på ein måte som styrkar relasjonen. I ein kyrkjelyd hadde dei gjennomført ei systematisk spørjeundersøking blant deltakarar på babysong og svaret var: «Vi er her fordi vi blir sett og tatt på alvor med det livet vi har.» Det var med andre ord skapt ein relasjon!

3.B.2.2 Trusopplæring

Resultatmål 2: Oppslutninga om trusopplæringstiltaka er stabil

Indikator 2a: Opplæringstilbod i timar (snitt)

	2017	2018	2019
Tilbod timar	214,2	223,3	216,3

Timetalet gjekk i snitt litt ned frå 2018, men opp frå 2017. Trusopplæringa er i endring. Mange stader har dei hatt planar som ikkje har vore realistiske når det kjem til timerekning. Vi er inne i eit tid der vi ber kyrkjelydane ha planar dei trur på, og som er realistiske i høve til ressursane. I takt med nedgang i den generelle oppslutninga i kyrkja, er det viktig å halde fast på desse planane, men samstundes viktig å fokusere vel så mykje på forkynninga når vi har samlingar, som på å gjennomføre de timane som står i planen. Kvalitet på planane, ressursar, og ikkje minst lokale tilhøve, gjer at timetalet i planane vil gå litt opp og ned. Det er framleis like viktig å halde oppe visjonen om ei systematisk og samanhengande oppfølging av dei døypte 0-18 år.

Indikator 2b: Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak

	Dåps- samtale	4 års- bok	6 års	Tårn- agent	Lys vaken	Konfir- masjon	Året etter konfir- masjon	Total
Døypte i målgruppe 2019*	3742	4682	4018	4603	4926	5839	3154	30964
Deltakarar 2019	3836	1953	1209	1334	1253	5056	253	14894
Prosent 2019	103	42	30	29	25	87	8	48
Prosent 2018	101	48	31	25	26	88	9	48
Prosent 2017	101	48	30	25	27	90	12	49
Prosent 2016	107	55	38	30	29	92	10	52
Prosent 2015	103	58	38	31	31	93	11	53
Prosent 2014	101	60	40	30	34	93	28	56

Målgruppe er døypte i den aktuelle alderen som bur i sokn som hadde tilbod for aldersgruppa i 2019

Det er ein forsiktig men jamn nedgang i prosentoppmøtet. Sidan det har vore gradvis utrulling av trusopplæringa er ikkje tala nødvendigvis så gode å samanlikne. Men det ein har grunn til å tru er at på lik linje med elles i kyrkja, så vert det litt vanskelegare år for år å nå ut med informasjon om tilboda, og å få folk til å ta del i tiltaka vi har. Eit sokn meldte at eit populært tilbod dei hadde lukkast med i mange år fekk lågare oppslutnad etter at det var komme ein ny idrettshall i bygda, og at deira tilbod no er lagt ned.

Vi ser ein klar dropp i 4-årsbok. Det er for tidleg å sjå om det er ein trend, eller om det er litt tilfeldig, men som vi har påpeika tidlegare så er det ikkje sikkert at det å få ei bok er så viktig i seg sjølv lenger

at det overvinn aktuelle hindringar frå å komme. Fleire einingar melder om at det kan vere vanskeleg å få folk til å komme på arrangement to dagar (med samling i forkant eller etterkant av gudsteneste). Vi ser også at LysVaken og Tårnagenthelg er ressurskrevjande arrangement, og at det difor ein del stader vert prioritert forenkling eller andre tiltak. Det kan hende det er eit potensiale i å markere overgangar i livet i større grad, og at det kan positivt føre til større oppmøte på samlingar ved ei slik formatering. Altså at ein har meir fokus på markering enn på utdeling.

I tillegg til dei sentrale breiddetiltaka, ser vi at ein fleire stader har lukkast med nokre tiltak som går meir i djupna. Det kan verka som at femteklassingane er eit alderskull som er mottakelege for nokre slike tiltak. I staden for Lys vaken, har dei nokon stader minikonfirmantar/juniorkonfirmantar eller bibelkurs for 5. klasse (Gaular, Balestrand). Dei melder om høg oppslutning. Det er viktig å kunne supplera med nokre tiltak kor ein går meir i djupna og får ein relasjon over fleire samlingar, men det må fortsett vera nokre store breiddetiltak, om ikkje kvart år. Det er stor skilnad mellom by og bygd, men også mellom ulike sokn i byane.

Vi ser at mange kyrkjelydar ønsker å fornya planane sine. Våre rettleiing er at dei lage planar kyrkjelydane har trua på sjølve, ut frå kva som er realistisk å få til, sett opp mot dei nasjonale krava i planen "Gud gir vi deler". Det gjeld altså å få til ei god blanding av nokre større samlingar for nokon utvalde årskull, i tillegg til nokre tiltak med fleire samlingar litt meir i djupna, og gode familiegudstenester kor fleire årskull kan verta inviterte. Det kan òg hende at ein i større grad knyter innhaldet i planane nærare tekstane i kyrkjeåret. Dette for å nytta den gode dynamikken som ligg i kyrkjeåret og ikkje minst få til eit endå betre samspel med det som kyrkja elles gjer.

3.B.2.3 Konfirmasjon

Resultatmål 3: Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe

Indikator 3: Del konfirmerte av døypte 15-åringar

Konfirmerte av døypte 15-åringar	2016	2017	2018	2019
	92 %	89 %	90 %	87 %

Vi ser ein nedgang i konfirmasjon med 3 % frå i fjor, målt opp mot medlemmar i Den norske kyrkja. Vi har ikkje tala på kor mange som vert konfirmerte i lutherske organisasjonar/trussamfunna NLM eller IMF, eller i frikyrkjer, men kjenner til at det er ein del. Human-Etisk forbund har i Hordaland ein auke på 18 % frå 2018, med 1164 konfirmantar i Bjørgvin. Den norske kyrkja i Bjørgvin med sine 5108 konfirmantar har 66,5 % av årskullet 15-åringar. Human-Etisk forbund har 15,1% av årskullet. Det betyr at om lag 15- 20 % av årskullet vel å ikkje verta konfirmerte. Når vi ser kor stor denne gruppa har blitt, bør vi vurderer å laga ein strategi for korleis kan vi nå ut til desse.

I Bjørgvin ser vi all grunn til å satse sterkt på konfirmantarbeidet dei neste åra. Kanskje det er ungdom i konfirmantaldar vi primært skal satse på for å arbeide mot nedgangen i dåpstal. Det er berre 10-15 år til desse konfirmantane sjølve må vurdere om dei ønsker dåp for sine barn. Er vi sikre på at vi gjev dei den rette utrustinga til det valet ?

Medlemsundersøkinga for Den norske kyrkja viser at mange ikkje trur Gud finst, men likevel kjem til kyrkja. Dette gjeld også ungdom, og det er eit veldig godt utgangspunkt for oss.

Björgvin sin strategi har vore å hjelpe kyrkjelydar, særleg i Bergen, som ikkje har klart å laga konfirmantleir sjølv. Vi arrangerte "SAMMEN", ein felles konfirmantleir med 500 konfirmantar i Knarvik i september der kyrkjelydane sjølve stilte med leiarar og prestar og fleire organisasjonar var inne og hadde program (KFUK/KFUM, KRIK og NMSU). Eit viktig premiss frå bispedømet si side er at leire samtidig har ein underleir for fjorårskonfirmantar og ein for undersleiarar for å stimulera leiarutvikling i kyrkjelydane. I tillegg har vi støtta ein dagsfestival med 400 konfirmantar i Sunnhordland prosti, og vi har eit komande samarbeid med KFUK-KFUM i Førde og Nordfjordeid om fellessamlingar for konfirmantar. Vi vil halde fokus på slike samlingar der bispedømet ikkje tar over samlingane, men hjelper lokale aktørar og kyrkjelydar å få til noko på tvers av grenser.

3.B.3 Kunst- og kulturuttrykk er ein del av kyrkjelivet

3.B.3.1 Kultur

Resultatmål 1: Vekst i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator 1a: Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
2019	904*	561*	311*	73*	1849*
2018	911	552	283	106	1852
2017	1108	534	288	105	2035
2016	820	575	290	124	1809
2015	876	518	199	60	1653

*Førebels tal SSB

Vi ser ei auke i talet på kulturarrangement i eigen regi, noko som kan tyde at sokna har større frimod til sjølve å ta initiativ til å arrangere eit mangfald av kunst- og kulturarrangement. Kyrkja er òg i aukande grad medarrangør og medspelar ved teaterframсыningar, historiske spel, debattar, samtalar og festivalar som Bokåret 2019, kyrkjeturnear med Babettes gjestebod (Det Vestnorske teateret) og Maria Jesu Mor (Vestland teater), Heggland-jubileet på Tysnes, Mostraspelet, Vossakyrkjemessa, Kulturfest i Olsvik og Bergen kirkeautunnale.

Det er ei glede at folk flest nyttar kyrkja som arena og møtestad for ulike kunst- og kulturuttrykk og at fleire aktørar ynskjer å vera i kyrkja. Vi trur dette kan bidrar til at kyrkja framstår som opnare og ikkje berre ein lukka møteplass for dei «innvigde».

Delmål: Fleire deltakarar på konsertar og kulturarrangement

Indikator 1b: Deltakarar på konsertar og kulturarrangement

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
--	------------------------	---------------------------	-------------------------	----------------------------	-------

2019	77654	93609	24582	5068	200913
2018	83340	93970	26792	8511	212613

Vi ser ein generell nedgang i talet på deltakarar på konsertar og kulturarrangement, utan at vi kan sjå dette som noko alarmerande. Kyrkja sine kulturelle og kunstnarlege ressursar må i hovudsak gå med til å sikre kvaliteten3.B.3.2 rundt gudstenester og dei kyrkjelege handlingane våre.

3.B.3.2 Opne kyrkjer

Resultatmål 2: Fleire opne kyrkjer

Indikator 2: Talet på opne kyrkjer

I 2019 var det i Bjørgvin 66 kyrkjer som var opne utanom gudstenester mm til saman 3171 dagar og 8 vegkyrkjer som var opne 604 dagar. Til samanlikning var det i 2018 59 opne kyrkjer i til saman 3343 dagar og 9 vegkyrkjer var opne 538 dagar. Vi ser ei auke i talet på opne kyrkjer og dette heng saman med auka fokus på pilegrimsarbeid. Vi tenkjer at denne trenden vil auke ettersom stab og friviljuge finn gode praktiske løysingar for “Open kyrkje” og både lokalfolk og besøkande blir kjent med velsigninga som ligg i det heilage og vigsla kyrkjerommet. Stavanger og Bjørgvin bispedøme inviterte til konferanse om opne kyrkjer i Stavanger i november 2019, om korleis stab, sokneråd, fellesråd og kommune saman kan legge til rette for fleire opne kyrkjer.

Stadig fleire går og seglar langs pilegrimsleiane i inn- og utland. Forskar på pilegrimsfeltet sidan 2010, professor em. Lisbeth Mikaelsson, hevdar: “Kirken skaffer seg gjennom dette nye rituelle arenaer og en mye større kontaktflate med kirkefremmede.”

Bjørgvin bispedøme er aktive i utviklinga av kyrkjeleg innhald og kvalitetssikring av pilegrimsvegane til Røldal, Fana og Selja. Ein har tett dialog med OVF, sokneråd, fellesråd og kommune i både Røldal, Fana og Selje, for å vurdere bruk av fråflytta prestegardar til pilegrimsføremål. Bispedømerådsleiaren deltok aktivt i Røldal pilegrimsstemne, mellom anna i samtalar med soknerådet og kommunen om korleis prestegarden kan nyttast til pilegrimsføremål.

Ein har i dette arbeidet mellom anna henta inspirasjon frå pilegrimsvandringar i Tyskland, Spania og Irland. 28 pilegrimar frå bispedømet oppsøkte i dagane 30.9 - 3.10 heilage landskap i Irland.

Prosjekt “Kystpilegrimsleia” frå Egersund til Trondheim, vart etter seks års arbeid, endeleg avslutta i desember 2019, og inngår no i det permanente nettverket av nasjonale pilegrimsvegar/europeiske kulturvegar. Stavanger og Bjørgvin bispedøme samarbeider tett om utviklinga av nøkkelstadane langs leia og dei regionale pilegrimssentra i Selje og Bergen.

3.B.4 Kyrkje og samfunn

Strategisk mål: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

3.B.4.1. Diakoni

Folkekyrkja skal engasjere seg i samfunnet. Det kan skje på ulikt vis. Til dømes nytta vi høvet då Kyrkjerådet v/kommunikasjonsavdelinga sette i verk med den femårige satsinga «Førstehjelp ved sorg», til å omtale sorg på ulike måtar og i ulike samanhengar. Konkret vart det organisert ein sorgmånad i oktober 2019. Det vart skipa til ulike arrangement, alt frå dagkonferansar (td. «Tru– ei kjelde til livsmot?» i Åsane kyrkje og «Tap og sorg og blant menneske med utviklingshemming» i Kyrkjetunet på Os – begge med om lag 90 deltakarar) til mindre kveldsarrangement (td. «Korleis sørger vi» i Krohnhagen kafé og veksthus/ Kirkens Bymisjons Bergen og «Sorgseminar» i Skjold kyrkje – begge med om lag 25 deltakarar) og ei avsluttande gudsteneste i Korskyrkja i Bergen med tema «Sorgas ulike andlet»; ein sterk kveld for dei som var til stades – om lag 30 personar. På alle desse arrangementa bidrog alt frå lokale prestar, diakonar, gravplass-sjef i Bergen kyrkjelege fellelsråd til domprost, prest på sjukeheim, personalprest, forskarar, erfaringsvitne samt imam frå Haukeland universitetssjukehus. På alle desse arrangementa vart det delt ut sorglys og brosjyre frå Kyrkjerådet: «Førstehjelp ved sorg».

Evalueringa av sorgmånaden visar at kommunikasjonsavdelinga på bispedømekontoret har eit ønske om å legge til rette for et meir heilskapleg uttrykk på kommunikasjonsmateriell som skal nyttast når det skal skipast til ein ny sorgmånad i 2020. Det vart og formidla at det vil vere nyttig med tydelegere målgruppe-tenking, at alle som bidreg må få ha sin logo i kommunikasjonsmaterialet og at det er viktig å gjere sorga «folkeleg» i kommunikasjonsmaterialet. Sorg rammar alle, og alle kan vere ein ressurs for eit menneske i sorg. Samstundes viste det seg vanskeleg å nå gjennom hos media sjølv om tilbakemeldinga frå dei som tok i mot pressemeldingane var svært positive til tiltaka i seg sjølve.

Resultatmål 1. Fleire kyrkjelydar med diakonal betening

Indikator 1: Sokn med diakonal betening

Sokn	Sokn med diakonal betening		Prosentdel sokn med diakonal betening	
	2018	2019	2018	2019
182	69	68	37,9 %	37,4 %

Talet på kyrkjelyder med diakonal betening har gått marginalt. Vi ventar ein oppgang i kyrkjelydar med diakonal betening i Bjørgvin bispedøme i 2020.

På grunn av friske midlar frå staten vart diakonstillingane i Bømlo og Meland trygga av de nye midlane som kom over statsbudsjettet ved inngangen til 2019; det hadde vore personar i stillingane før men deira framtid var usikker pga av usikker kommuneøkonomi og at fond heldt på å bli tømde. Nytt av året var og at Nordfjord prosti (Gloppen kyrkjelege fellelsråd) endeleg fekk tilsett ny diakon i 50 % stilling takka vere dei friske midlane. Det same fekk Nygård, Laksevåg og Salhus kyrkjelyder i Bergen kyrkjelege fellelsråd.

39 kyrkjelege fellesråd ikkje har tilgang på diakonal betening (om lag 2/3 av alle fellesråda i Bjørgvin), medan 19 har, Bergen kyrkjelege fellesråd inkludert. Dette inneber at arbeidet med å spreie ut og byggje diakonal kompetanse i Bjørgvin bispedøme må halde fram.

3.B.4.2 Inkluderande kyrkjeliv

Bispedømet sitt inkluderingsarbeid for menneske med psykisk utviklingshemming har særleg merksemd på:

- Rådgjeving til kyrkjeleg tilsette og kyrkjelydar vedkomande trusopplæring og konfirmasjon for born og unge med utviklingshemming.
- Tilpassa, eige konfirmantopplegg for konfirmantar i Bergen med sterk utviklingshemming.
- Oppfølging og kursing av medarbeidarar i inkluderingsarbeidet i kyrkjelydane, særleg dei som driv klubbarbeid og tilpassa gudstenestearbeid.
- Kursing av kyrkjeleg og kommunalt tilsette vedkomande «Sorg og tap for menneske med utviklingshemming» og «Rett til tru.»
- Oppfølging av prestar med vidareutdanning på området.
- Informasjon om leirtilbod o.l. for målgruppa.
- Medvitskapande arbeid vedkomande menneske med utviklingshemming sin rettkomne plass i kyrkjelydane.
- Deltaking i det nasjonale og nordiske kyrkjelege nettverket på området.

Arbeidet vert leia av prest (deltid) med spisskompetanse på området saman med bispedømet sitt inkluderingsutval, i nært samarbeid med diakonirådgjevaren og diakoniutvalet, og i samråd med rådgjevarane for trusopplæring.

47 sokn rapporterer at dei har tilbod i samband med arbeid for menneske med utviklingshemming. Dette er ein oppgang frå 2018 då talet var 44 sokn.

Resultatmål 2: Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg

Indikator 2: Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid

39 sokn rapporterer at dei har tilbod i samband med integreringsarbeid, det er ein oppgang frå 2018 då talet var 37 sokn. Bispedømet har og eit samarbeid med Bergen Internasjonale Menighet om presteressurs. Bispedømet støttar også KIA gjennom OVF.

3.B.4.3. Trus- og livssynsdialog

Resultatmål 3: Arbeidet med religionsdialog blir styrka

Indikator 3: Tal på fora for religionsdialog

Bjørgvin har eitt forum for religionsdialog, Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB), som er eit ressurs- og kompetansesenter for kyrkjelydar, organisasjonar, skular og andre som er interesserte i ein folkeleg forankra trus- og livssynsdialog i Bjørgvin bispedøme. Senteret sine oppgåver er å etablere konstruktive møteplassar for trus- og livssynsdialog, og å vere eit ressurs- og kompetansesenter innan trus- og livssynsfeltet.

Bjørgvin bispedømeråd anerkjenner det viktige arbeidet senteret gjer i samband med trus- og livssynbasert dialog i vårt bispedøme. Difor aukar bispedømet si støtte til senteret i 2020. Særleg er arbeidet retta mot livssynsbasert dialog med og for ungdom (gjennom tiltaket "Inter") noko bispedømet har lagt særleg merke til. Inter si skuleframsyning har vore vist for om lag 525 personar (på vidaregåande skuler og høgskular, konfirmantsamlingar og dialogkveldar i Bjørgvin samt i samarbeid med forlaget Cappelen Damm om ein framsyning i Oslo og på bispedømet sine stiftsdagar for kyrkjelege tilsette i juni 2019).

3.B.4.4 Kyrkja på nett

Resultatmål 4: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

Indikator 4: Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.

kyrkja.no/bjorgvin	2017	2018	2019
Økter	43300	44000	53696
Unike brukarar	23400	23979	27769

Bruken av nettsidene er stabil. Det har ikkje vore gjort nokon spesiell innsats for å få fleire brukarar. Ein e-post med «Nytt frå Bjørgvin» gjer at vel 1000 faste brukarar får melding om når det er noko nytt, og dei kan då velja om dei vil lesa meir eller ikkje. Dei mest leste sakene var knytt til bispedømerådsvalet og til stiftsdagar for alle kyrkjeleg tilsette i Bjørgvin. Ledige stillingar og melding om kven som søkjer og kven som tek imot stillingar er også populært stoff. Mange klikkar også på «kontakt oss». Ei nettside for eit bispedøme er mest interessant for tilsette, rådsmedlemer og andre aktive medlemer, men er også ei viktig kjelde til informasjon om bispedømet for media og andre.

Følgjarar på facebooksider

«**Biskop Halvor**» er ein profil som biskopen har hatt sidan 2010. Den har 912 følgjarar (840 i fjor). I tillegg har han sin meir personlege profil med over 1450 vener (vel 1300 i fjor).

Biskopen skriv ein del postar, men i dei fleste tilfelle deler han oppslag frå andre stader, anten det er lesarbrev han har skrive eller heilt andre kjelder.

Blant dei innlegga som vart **sett mest** finn vi:

1. Markering av 10 år som biskop i Bjørgvin
2. Ordinasjon av to prestar i Birkeland
3. Stas å være nominert som en av fire kandidater til BT's pris som "Årets debattant" for 2018.
4. Bøn for terrorofre på Sri Lanka
5. Eit lesarbrev i Dagbladet av ein ateist som er for skulegudstenester
6. Biskopen heiar på ungdom som skulestreikar - link til oppslag i Aftenposten
7. Viser til oppslag om kristentrua til Liverpool sin trenar

Blant dei innlegga som fekk **flest klikk**:

1. Ei bokmelding biskopen gjorde av Bjørn Eidsvåg si bok
2. Resultat av kyrkjevalet

3. Biskopane har nominert Olav Fykse Tveit som ny preses og spør lesarane om dei er enige.
4. Eit lesarbrev i Dagbladet av ein ateist som er for skulegudstenester
5. Eit innlegg i Dagen der biskopen forsvarar bispemøtet sin uttale om abort
6. Oppslag på kyrkja.no om bispemøtet sin uttale om abort
7. Biskopen sin kronikk om det kristne påskemysteriet i BT.

Björgvin bispedøme fekk sin eigen facebookprofil i 2017. Den har no 443 følgjarar (340 i fjor).

Topp innlegg som har flest visningar og engasjement handlar alle om ledige stillingar. Desse innlegga er køyrde som betalt kampanje. Saker knytt til kandidatlistene for bispedømerådsvalet og resultatet av valet, fekk også mange klikk og reaksjonar. Stiftsdagane i Björgvin og konferansen «Tro – en kilde til livsmot» fekk også ein del merksemd.

Av innlegg som det ikkje er laga kampanje av, ligg snittet på ca. 213 visningar (135 i fjor).

SoMe-verkstad

Som ei oppfølging av den nasjonale konferansen om «Kyrka i sosiale medium» i juni, arrangerte Björgvin bispedøme to lokale/regionale verkstadar om det same temaet, ein i Bergen og ein i Sunnhordland. Dei inviterte deltakarane på konferansen frå Björgvin var med som bidragsytarar lokalt. Det er planar om liknande verkstadar i 2020, bl.a. i Sunnfjord og Nordfjord. Vi trur dette er ein nyttig metode for å få opp kompetansen og innsatsen på dette området og for å byggja nettverk mellom dei mange i kyrkja som brukar sosiale medium. Dette er ein tverrfagleg arena som er nokså sjeldan i ein organisasjon som vår der mange elles har kvar sine tydeleg avgrensa ansvarsområde.

3.B.4.5 Kyrkja i det offentlege rommet

Resultatmål 5: Kyrkja er synlig på fleire arenaer i det offentlige rommet

Indikator 5 a: Presseklipp

Det vart i 2019 registrert om lag 300 relevante presseklipp på biskopen i Björgvin. Dette er om lag som i 2017, men klart færre enn i 2018. Biskopen er registrert med 13 ulike lesarinnlegg, to av desse var bokmeldingar. Biskop Halvor Nordhaug hadde studiepermisjon delar av året, og dermed færre aktive arbeidsdagar enn andre år.

Presseklipp biskop Halvor Nordhaug 2019	KLIPP	PROSENT
Om biskopane sin uttale om abort og abortlova	57	19
Den norske kyrkja kan ikkje stilla krav til samlivsforma til dei tilsette, meiner nesten halvparten av kyrkjemøtet. Halvor Nordhaug er usamd.	30	10
Dei fleste medlemene i DNK er usamde med kyrkja sine offentlege fråsegner. Nesten halvparten vil opna for aktiv dødshjelp. Halvor Nordhaug forsvarer kyrkja sitt syn.	19	6
Ein prest slutta pga sterk motstand mot hans konservative syn på vigsel av to av same kjønn. Biskopen forsvarer han.	19	6
Tru – samfunn – politikk	16	5
Visitasar	13	4

Indikator 5 b: «På troen løs» - omfang og oppslutning

Biskopen sin faste arena for samtale, «På troen løs», heldt fram på Litteraturhuset i Bergen. Nesten alle møta blei videofilma og seinare lagt ut på nettsidene våre.

I alt 444 tilhøyrarar møtte til ulike samtalar og debattar i skjeringpunktet mellom kyrkje, kultur og samfunn.

Nådde nye

Resultata frå publikumsundersøkingane viser at arrangementa har etablert ein fast «menighet» og samstundes har ein låg terskel for å trekkje til seg «kyrkjeframande». Særleg ser vi at samtalene med kjende samfunnsaktørar er populære.

På to av arrangementa blei det delt ut eit spørjeskjema til deltakarane. Tabellen nedanfor viser svar på spørsmåla «Har ikke vært til stede på «På troen løs» tidligere» og «Jeg har ikke noe aktivt forhold til noen menighet». n= svar totalt.

Publikum på «På troen løs»	Første besøk	Ikkje aktiv	n	Publi- kum	Nett- avspelingar
Arrangement					
20. februar. Agnete Haaland og Kari Veiteberg	-	-		80	
13. mars. Bjarte Hjelmeland	33	31	67	122	210
28. september. Edvard Hoem. I samarbeid med Bergen kirkeautunnale	-	-		107	
4. november. Bjørn Eidsvåg	54	34	84	135	381

Johan Nordahl Brun-prisen

Utdelinga av Johan Nordahl Brun-prisen er ein årleg arena for eit møte mellom biskopen og publikum. Det vart ikkje delt ut pris i 2019, men i 2020 er prisen tilbake med open invitasjon om å foreslå kandidatar.

3.B.4.6 Samarbeid mellom kyrkje og skule

Resultatmål 6: Samarbeidet mellom skule og kyrkje blir styrka

Indikator 6: Tal på barnehage- og skulegudstenester

Gudstenester for skuleborn

	2015	2016	2017	2018	2019
Gudstenester	414	428	413	421	428
Deltakartal	71811	76398	73048	73930	73370
Gjennomsnitt	188	179	177	176	171

Gudstenester for barnehageborn

	2015	2016	2017	2018	2019
Gudstenester	244	230	242	181	174
Deltakartal	16518	15465	14128	13666	12938
Gjennomsnitt	68	67	58	76	74

Det er litt auke i talet på skulegudstenester, men om lag stabilt tal deltakarar, og difor eit litt lågare snittbesøk. For barnehagegudstenester er det ein liten nedgang i talet på gudstenester, frammøtetal og snittbesøk, sjølv om det har auka siste år.

Det vert arbeidd godt med skule/kyrkje-samarbeidet i kyrkjelydane. Fleire har no også skrive det inn i planverktøyet, ikkje som ein del av sin plan, men under andre tiltak, som ein bakgrunn. Når det gjeld tema som høgtider, tru og tradisjonar i kyrkja, så er det verdifullt at kyrkja kan tilby skulen gode opplegg. Det er eit sterk medvit om at det gjeld å ha gode og tydelege rammer og relasjonar på lokalt plan. Den nye fagfornyinga som kjem i læreplanane frå hausten 2020, legg vekt på livsmeistring, fordjuping og utforsking. Her kan kyrkja møte skulen og i større grad bli eit objekt for utforsking av tru og livssyn for elevane, ikkje berre som eit subjekt som skal sørge for at "den kristne og humanistiske arv" skal ivaretakast.

Vi ser at det vert fleire pedagogiske vandringar i kyrkja for barnehagane, framfor gudstenester knytt til høgtidene. Ein har plass til færre kvar gong, men har fleire arrangement. Det kan vera grunnen til at det er ein nedgang i talet på gudstenester, frå 244 i 2015 til 184 i 2019.

Kyrkjevandringar får ofte gode tilbakemeldingar, og dei kan også bidra positivt for fellesskapet i staben ved at det er noko ein står saman om.

3.B.4.7 Vern om skaparverket – grønne kyrkjelydar

Resultatmål : Fleire kyrkjelydar vert grønne kyrkjelydar.

Indikator 7: Tal på grønne kyrkjelydar

Talet på grønne kyrkjelydar har auka med to; frå 34 i 2018 til 36 i 2019.

Vi vurderer auken som resultat av langsiktig arbeid mellom anna med fokus på programmet "Grønne kyrkjelydar" og samlingar der dette har vore tema. Det har vore ei langsam auke over fleire år. Vi gler oss over framgangen, men ser samstundes at langsiktig arbeid er krevjande og at positive resultat krev hardt arbeid.

3.B.5. Rekruttering, frivillig teneste og prestedekning

Strategisk mål: Fleire finn sinn plass i kyrkjeleg arbeid

3.B.5.1 Vigslingar

Resultatmål 1: Rekrutteringa til vigsla stillingar vert styrka

Indikator 1: Tal på vigslingar

Biskopen har i 2019 ordinert ni prestar, ein kateket og ein kantor.

3.B.5.2 Frivillig teneste

Resultatmål 2: Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja

Indikator 2: Tal på frivillige

2015	2016	2017	2018	2019*
12324	12924	12732	12386	12 163

* Kjelde: Førebels tal frå SSB

Talet på frivillige som engasjerer seg er relativt stabilt i Bjørgvin, og stabilt høgt, dette gler vi oss over. Det er arbeidd med å bli enda betre på oppfølging av dei som engasjerer seg. Bjørgvin bispedøme hadde ei stor medarbeidarsatsing for fleire år sidan. Då vart det laga ein medarbeidarperm med materiell for rekruttering og oppfølging av frivillige ulønna medarbeidarar. Den vert no , som vart utarbeidd for 10 år sidan.

For sokneråda har bispedømet hatt inspirasjonssamling dei åra det ikkje er val. I 2019 har vi hatt gleder av å kurse alle nyvalde sokneråd, og saman med KA å kurse fellesråda i starten av 2020. For ungdom har vi etablert både Ungdomsting og Veikryss som samlingar for ungdomsleiarar. Det er og gjennomfør kurs for leke gudstenesteleiarar i tre prosti.

3.B.5.3 Trivsel i jobben

Resultatmål: Kyrkjelege medarbeidarar trivest i jobben

Indikator 3a: Medarbeidarundersøking

Medarbeidarundersøkinga (svarprosent 72%) viser at tilsette i Bjørgvin opplever jobben sin som svært meningsfull (4,5 av 5), dei yter gjerne ekstra innsats og har kompetanse (4,3) og får brukt den (4,3). Det er og sjeldan stress som fører til ubehag (3,4), men ein melder lågast på at min leder hjelper meg å prioritere blant oppgåvene (3,3) og at ein jobbar målretta (3,4).

Samanlikna med landssnittet ligg ein svært nært dette på dei fleste område. Det er på det å yte mitt beste og ekstra innsats at ein ligg litt under landssnittet (-0,2/-0,1).

Det er og verd å merke seg at ein ligg lågt på medlemsorientering generelt (3,3-3,6), medan ein tenker at folk er nógde med arbeidet vi gjer (4,0). Det tyder på trivsel i jobben, men det kan og tyde på at trivselen er mest indremotivert og med høg autonomi. Det er positivt på eit nivå, men kan skape ein situasjon der jobben i seg sjølv og trivsel i seg sjølv blir målet. Det er òg tydeleg når vi ser på skår på leiing, der oppgåveorientert leiing skårar lågare enn relasjonsorientert og utviklingsorientert leiing.

Kyrkja er ei kunnskapsverksemd, og leiingskompetansen må byggast rundt dette. Vi ønskjer at ein når måla og får bruke den kompetansen som er i verksemda optimalt.

Indikator 3b: Sjukefråver alle tilsette

Totalt	%	1-3d	4-16d	16d-8u	>8u
Björgvin	4,1 %	0,2 %	0,7 %	1,2 %	2,0%

Björgvin har sjukefråværet på 4,11 for alle tilsette. For administrasjonen sin del er fråveret 1,3 %

Vi har eit stabilt lågt sjukefråværet. Dei høgaste tala finn ein i langtidsjukefråveret. Dette skuldast i all hovudsak sjukefråværet som ikkje er arbeidsrelatert.

3.B.5.4 Barne- og ungdomsarbeid

Resultatmål 4: Tilbodet for unge i kyrkjelydane blir styrka

Indikator 4a: Tilbod til unge 13 – 17 år, einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 13-17 år			Einskildtilbod for 13-17 år			Leiarkurs for unge 13-17 år		
	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring
Björgvin	91	123	35%	71	63	-11%	65	59	-9%
Nasjonalt	866	855	- 2%	438	466	6%	577	557	-3%

Indikator 4b: Tilbod til unge 18 – 30 år, einskildtiltak og kontinuerlege

	Kontinuerlege tilbod for 18-30 år			Einskildtilbod for 18-30 år			Leiarkurs for 18-30 år		
	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring	2018	2019	Endring
Björgvin	27	40	48%	37	59	59%	14	13	-7%
Nasjonalt	313	302	-4%	175	196	12%	124	103	-17%

Tal frå tabell 5.2 og 5.3: Tiltak utover det som vert rapportert som timar i trusopplæringsplanen.

Vi ser at talet på einskildtilbod for unge skiftar ein del frå år til år medan ein del kontinuerlege tiltak er relativt stabile og innarbeidde. Elles er tilbod for ungdom svært sårbar for svingingar i kull/tilbod og kven som er tilsette/engasjerte.

Vi har ein auke på kontinuerlege tiltak. Vi er kjende med at nokre av dei store sokna hadde rapportert feil i fjor, og at det kan vera at auken skuldast betre rapportering.

Det går igjen i årssamtalane i trusopplæringa at tilbod etter konfirmanttida er krevjande å få til. Bispedømet sin strategi er difor å styrke dei stadene som har eit godt ungdomsarbeid. Som ei følgje av vår satsing på ungdomsarbeidar i Sædalen og Birkeland, har Fana og Bergensdalen prosti oppretta eit eige forum for ungdomsarbeid, for tilsette, 2 gongar pr. semester. Her møtest ein for utveksling av erfaring, utvikle samarbeidet og for å få fagleg påfyll. Bispedømet ser ei stor oppgåve i å byggje nettverk for ungdom mellom kyrkjelydane. Leiarkonferansen for ungdom "VEIKRYSS" har som mål å samla dei som er engasjerte i kyrkjelydane til ei helg for inspirasjon og samhold og byggje nettverk, særleg for dei i små ungdomsmiljø. Ungdomstinget vert lagt inn som ein del av denne helga. Det er likevel vanskeleg å få folk til å komme.

Det er ei tilbakevendande utfordring å få kyrkjelydar og tilsette til å prioritera ungdomen. Tilbakemeldingar frå festivalar slik som KFUK-KFUM sin Vinterfestival på Voss, går på at mange av dei kyrkjelege tilsette ikkje ser det som mogleg å prioritere si arbeidstid, å "ta med seg" ungdomar på slike treff. Det vert opplevd som krevjande å organisere, kontakt med foreldre, ta omsyn til spesielle behov osv. Eit auka fokus frå samfunnet elles på HMT og arbeidstidsavtaler er nok også ein del av dette bilete. Vi har diverre ikkje funne ein god måte å engasjere frivillige eller foreldre til å kunne "ta med seg" ungdomar på slike treff. Det er ei stor oppgåve for oss, saman med organisasjonane, å finne nokre gode grep her.

For å fremja leiartreing har bispedømet lansert LINK som er eit nettverk for konfirmantar etter konfirmanttida, knytt til konfirmantleiren SAMMEN, dagsamlingar eller weekend. Å satse på dette arbeidet gjev effekt også på dei stadene der dei har sitt eige opplegg. Kyrkjelydane melder også at dei opplever ei auke av ungdom som slit i livet sitt, og i større grad opnar seg for dei tilsette. Dette er krevjande prosesser og den diakonale sida ved både konfirmantarbeid og tida etterpå vil vera viktig å ta omsyn til, både når det gjeld fagleg fordjuping og samlingar, så vel som satsing på diakoni. Tverrfagleg samhandling er også eit sentralt punkt her.

Unge 18-30

Bispedømet har saman med Bergen domkirke menighet satsa på å gjera St. Jakob i Bergen til ein ungdomskatedral med eigen ungdomsprest. Vi ser at satsinga ber frukt. Det er ein auke i oppslutninga på arrangementa, både når det gjeld gudsteneste kvar søndag kl 19, temasamlingar og bibelgruppe. Det er også fleire i den aldersgruppa som framleis er leiarar i sin lokale kyrkjelyd, men det er og ei tid kor det er stor mobilitet og endringar i livsfasane. Ein del finn nye fellesskap i denne tida, ofte utanfor ein kyrkjeleg samanheng.

Gudstenester for ungdom

	2015	2016	2017	2018	2019		2015	2016	2017	2018	2019
Gudst.	320	366	391	412	399	Frammøte	37915	40677	43110	47187	45687

Stabilt høg oppslutning om ungdomsgudstenester.

Det er i gjennomsnitt 114,5 på gudstenester for ungdom og det er det same som i 2018. Det er ein liten nedgang i 2019, men mindre enn oppgangen i 2018, så etter fleire år med auke er oppslutning stabil.

3.B.5.5 Presteteneste

Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekyrkje

Indikator 5a: Kyrkjelege handlingar pr prest

53 gudstenester per prest i 2019, i 2018 var talet 51 gudstenester per prest.

	Prestar	Konfir- mantar	per prest	Vigsler	per prest	Grav- ferder	per prest	Dåps- handlingar	Per prest
2017	152,15	5 221	34,3	883	5,8	4 184	27,5	4 398	28,9
2018	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4 258	27,9	4 108	26,9
2019	155,15	5 108	32,9	750	4,8	4 214	27,2	4 101	26,5

Indikator 5b: Prestedekning

Vi har i 2019 170,15 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 7,5 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteneste. Det gjev 155,15 årsverk i kyrkjelydsteneste. I tillegg har vi hatt vakanse i 16 stillingar heile eller deler av 2019. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar (tilsvarande ca 10 årsverk i 2019). I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester i 2018, og dette har auka vidare i 2019.


Indikator 5c: Utlysning, søknader og tilsettingar i prestenesta

Vi har i 2019 hatt 38 utlysingar, 11 av desse er lyst ut fleire gonger. Totalt har det vore 70 søknader og vi har tilsett 25 prestar.

Indikator 5d: Aldersfordeling og stillingskategoriar

Tilsette pr 31.12.2019

39 år og yngre	Andel i prosent	40-49	Andel i prosent	50-59	Andel i prosent	60 +	Andel i prosent	Totalt
21	13,29	34	21,52	50	31,65	53	33,54	158



Av totalen er 53 prestar over 61 år, 50 mellom 50 og 59 år, 34 mellom 41 og 49, medan 21 prestar er under 40 år.

Vurdering av bemanningssituasjonen

Björgvin bispedøme har høg alderssamansetting på presteskapet. Det er positivt med fleire yngre søkjarar i 2019 enn tidlegare, men ein må erstatte 2/3 av presteskapet i løpet av 20 år. Fruktene av satsinga på grunnrekruttering til studia vil ein måtte tenke seks til ti år fram. Difor har ein ikkje råd til å ta snarveg, ein må satse langsiktig.

3.B.6. Demokrati og organisasjon

Strategisk mål: Kyrkja har ein demokratisk og velfungerande organisasjon

Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjeval vert halden oppe

Indikator 6a: Veldeltaking

Tal frå Medlemsregisteret for Den norske kyrkja viser at 44591 personar stemte ved kyrkjevalet i Björgvin 2019, anten dei stemte ved begge vala eller berre ved val på sokneråd eller bispedømeråd. 389 878 medlemmer hadde stemmerett, noko som gjev ei samla oppslutning på 11,44 %. Dette er ein nedgang i høve til valet i 2015, då 15,37 % stemte. Dersom vi berre ser på soknerådsvalet, gjekk valoppslutninga ned frå 15,07% til 10,83%.

Det er vanskeleg å slå fast nokon spesiell årsak til nedgangen. Ved valet i 2015 var det berre ei liste ved bispedømerådsvalet i Björgvin, nokon som gjorde det lettare å kommunisera til veljarane. Med fleire lister må bispedømet vera varsam med kommunikasjonen for ikkje å framheva ei liste framfor dei andre.

På valkursa før kyrkjevalet, vart det lagt mykje vekt på å snakka positivt om sokneråd og soknerådsarbeid. Vi opplevde at dette var motiverande og nært kvardagen til kursdeltakarane. Resultata frå soknerådsvala, viser at det var om lag 37 prosent av kandidatane som stilte til alltval. Av desse vart 33,5 prosent valde inn om faste medlemmer. Dette er ein liten auke frå 2015, då 33 prosent stilte til attval, 29 prosent vart attvalde.

Resultatmål: Reduksjon i administrative kostnader

Indikator 6b: Administrative kostnader

Björgvin bispedøme har mange tilsette, mange sokn å betene og mange fellestråd ein samhandlar med. Tildelinga av ressursar til administrasjonen har ikkje vore tilstrekkeleg i samsvar med dette. I tillegg har Björgvin over år redusert to årsverk i administrasjonen. Det er ikkje gjort grundig analyse av rekneskapstal knytt til administrative kostnader målt mot eit før og no. Det er i tabell 5.1 Andel årsverk i administrasjonen i prosent mot presteårsverk ein reduksjon frå 8,25 i 2018 til 7,85 i 2019.

Noko av effekten ved opprettinga av felles eining for løn, økonomi og arkiv for heile rettssubjektet Den norske kyrkja, har vore negativ for Björgvin. I 2019 har vi på nokre område trengt meir ressursar. Mellom anna har vi måtta kjøpe tenester eksternt for å ha kapasitet og kompetanse til å handsama saker knytt til kyrkje-kunst og –interiør. Vi har mista denne kompetansen, og anna kompetanse, som har gjort nokre arbeidsprosessar meir krevjande. På HR(personal) har vi hatt inne ekstra juridisk ressurs i tidsavgrensa periode. Det er oppretta ei ny stilling som kontorleiar, men to årsverk er redusert og to flytta til dei nasjonale felleseiningane. Vi har hatt inne ekstra medarbeidar knytt til gjennomføring av valet i 2019. Det er og satsa med midlertidige ressursar inn mot rekruttering og konfirmantfestivalen Saman. Prosjektleiinga er knytt til administrasjonen. Samla administrativ ressurs for prostane er 140 prosent ute i sju prosti, 20 prosent i Bergen og 60 prosent ressurs er plassert ved bispedømekontoret. Dette er kritisk lågt, både målt mot landssnittet og mot at prostane har fått fleire administrative oppgåver. Det er naudsynt å sjå på totalen når vi no får betre oversyn og kan vurdere både tilsikta og utilsikta konsekvensar av endringane som er gjort.

3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd

3.C.1 I biskopens søkelys

Kvalitetsutvikling på visitasar

Biskopen har på same måte som tidlegare år nytta visitasane til å leggja vekt to tema. Han har løfta fram kor viktig det er å leggja arbeid i å ha gode gudstenester, helst med gudstenesteutval og involvering og motivert kyrkjelyden til å gå, fordi det har kristne alltid gjort og fordi ein treng å høyra evangeliet på nytt som eit aktuelt ord til oss. Biskopen har også framheva at det er behov for at alle kyrkjelydane får på plass ei gjevarteneste der medlemene kan bidra til barne og ungdomsarbeid, diakoni eller kyrkjemusikk etter kva som ligg dei nærast. På visitasen er dei blitt oppfordra til både å arbeida med det praktiske og å forkynna fram gjevarglede.

Strategisk bruk av REU til kompetanseheving med fokus på leiarutvikling

Biskopen har utfordra prostane til å finna prestar som er interesserte i leiarutvikling til to ulike leiarkurs. 8 prestar deltok på kurset «Leading ecclesial change and growth in context» på NLA som

også var eit samarbeid med vennskapsbispedømet Southwark, saman med åtte engelske prestar og like mange masterstudentar frå NLA. Prestane har arbeidd med og skrive om reelle leiarutfordringar i kvar sin kyrkjelyd. Det andre kurset, det tverrfaglege kurset «Leiing roller og samspill i menigheten» hadde fyrst var ingen påmeldingar, men 12 prestar meldte seg på etter at prostane oppfordra til det.

3.C.2 Biskopens og bispedømerådet si forvaltning av saker knytt til kyrkjelov og gravferdslov

Biskopen har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2017	2018	2019
Ombygging av kyrkjer – av desse var 4 knytt til universell utforming.	14	21	11
Bygging nærare kyrkja enn 60 m	3	7	13
Kyrkjetekstil	16	16	11
Inventar (inkludert liturgisk utstyr og kyrkjekunst)	7	4	9
Benkar/stolar	1	5	6
Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljøs)	10	9	10
Andre saker, bl.a. brannvarslingssystem	3	3	6
Medlemsskap	3	4	90

Bispedømerådet har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov.	2017	2018	2019
Omregulering/ending av kyrkjegardar	17	5	6
Fråsegn i saker om bygg/eigedom nær kyrkje eller gravplass		5	5
Gravplassvedtekter	4	3	3
Fråsegn til kommunale planar og reguleringsplanar	10	16	7
Klagesaker gravferdslov	7	6	2
Minnesmerke på gravplassen (inkl. namna minnelund)	3	2	2
Justering av soknegrenser	1	1	2
Ferdigstilling av gravplass		1	1

IV: Styring og kontroll i verksemda

Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Tildelingsbrevet peikar særleg på: «En landsdekkende folkekirke og et tydelig skille mellom stat og kirke» som prioriterte område. I Bjørgvin har vi følgt opp vårt arbeid ut frå dette.

Bispedømerådet viser til at samla måloppnåing er god, jfr del III. Prestetenesta og kyrkjeleg administrasjon nyttar tildelinga godt. Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt. Særleg satsing Ungdom 18-30 i Bergen.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgt ytterlegare opp for perioden 2018 til 2020.

Hovudmål: Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

4.A. HMT/Arbeidsmiljø

4.A.1 Arbeidsmiljø

Indikator 1: Trivselsskår i arbeidsmiljøundersøkinga

Medarbeiderundersøkinga for 2019 syner at dei tilsette i Bjørgvin trivs godt i arbeidet (utdjuping i avsnitt 3.B.5.3 Trivsel i jobben). På samanlikning mot verksemda som heile, ligg Bjørgvin svært nær snittala. Det er likevel to områder der det kan vera aktuelt med tiltak.

Tala for samarbeid med overordna og andre tilsette er jamt over høge, men arbeidspress og hjelp til å prioritere kan det vere verd å følgje med på. Like eins relasjonen til fellestråda og samarbeidet i stabane. Det vert laga tiltaksplan lokalt i kvart prosti, men samspel med begge arbeidsgjevarar vil vere sentralt for å auke kvaliteten på nokre punkt, mellom anna IKT, møtekultur og å følgje opp mål.

Det er og ein gjennomgåande tendens til at ein skårar lågt på at “I mi eining blir vårt arbeid styrt ut frå folk sine ønskje og behov”, medan ein har høg skår på at ein trur folk er nøgd. Eit meir systematisk arbeid med medlemsundersøkinga kan avdekke om det har kan vere grunn til tiltak som samstemmer desse to perspektiva betre.

Sjukefråver er omtalt i kap. 3.B.5.3

Arbeidsvilkår

Samla vil vi vurdere at tiltaka som er nemnde ulike stader i denne rapporten innan ABV, kompetanse/EVU, retreat, prestebustader og andre arbeidsmiljøtiltak fungerer godt. Vi har låg turnover i presteskapet, lågt sjukefråver og eit motivert presteskap. Det er samstundes ganske stor forskjell på arbeidspresstet mellom sokna og prostia, og til dels innan same prosti. Det er ikkje nødvendigvis samsvar mellom arbeidstidsregistrering og arbeidspresstet.

Medlemer per prest er i snitt 2705 i Bjørgvin. Det er om lag på landssnittet. Utfordringa er at snitttala skjuler utfordringane i dei folkerike områda i Bjørgvin, til dømes i Fana og Vesthordland prosti. I desse områda er det mange tenester per prest, men ikkje alltid høge timetal. Distrikta med låge folketal, men store avstandar har eit anna bilete. Tenester per prest er lågare, men arbeidstidsrekneskapen kan ofte ha mange plusstimar, grunna reisetid.

I krysspresstet mellom dei lovpålagte oppgåvene og dei kyrkjelydsbyggjande oppgåvene står fleire prestar i ein krevjande situasjon. Det er naudsynt å ha ein ny runde med omfordeling av ressursar, men ideelt skulle ein då og hatt inne heile bildet, ikkje berre presteressursar. Til dømes med å vurdere nye diakonstillingar i sokn med mange gravferder eller kateketar der det er mange konfirmantar.

For administrasjonen ved bispedømekontoret har dei siste åra vore krevjande med mange prosessar samstundes. Det har vore, og er, travelt, med mange oppgåver. Trivselsfaktorane hadde høg skår i 2017. Effektiviseringsarbeidet og prosessen der har vore krevjande, særleg for delar av staben, men det har også påverka heile fellesskapen. Det har ikkje resultert i direkte sjukemeldingar, men fleire har kjent på slitasje som ein ikkje må undervurdere. Vi har stolte medarbeidarar som opplever å dra lasset saman rundt ulike små og store prosjekt. Endring i oppgåver har gitt noko redusert trivsel for delar av staben. Nye folk inn har samstundes gitt nye perspektiv og har vært viktige bidrag for å fornye oss, og til å ta handlingsrommet som har opna seg.

Indikator 2: Rutinar for intern varsling om kritikkverdige forhold.

For presteskapet og andre tilsette i Bjørgvin bispedømeråd gjeld «Rutinen for varsling om kritikkverdige forhold i rettssubjektet Den norske kirke», fastsett 21.11.2017, med tilhøyrande «forenklet varslingsplakat». Rutinen er meldt til fellelrådslinja og er innarbeida som ein del av administrasjonen si personalforvaltning.

I tråd med rutinane for varsling pkt. 4 er dei ordinære kanalane for varsling: Leiinga i linja (næraste leiari), tillitsvalde eller verneombod. Vidare omtalar varslingsrutinen særskilte kanalar, til dømes kontrollutval for Den norske kyrkja, Arbeidstilsynet eller Politiet. Kriteriet om forsvarlighet mellom anna i relasjon til ekstern varsling vert i tillegg omtala her.

Innmelding av «kritikkverdige forhold» i relasjon til verksemda er ønskeleg. Dette kjem til uttrykk både gjennom rutinane for varsling og regelverket om varsling i arbeidsmiljølova. Rutinane for varsling er i denne samanheng eit utgangspunkt og ein ramme for vidare oppfølging. Dette inneber mellom anna at oppfølginga skal skje på riktig nivå så raskt som mogleg. Vurdering av varsel (påreknleg eller upåreknleg) og habilitet og kontradiksjon i saksbehandlinga vert ivaretatt.

Andre tiltak

Personalpresten

Eit viktig tiltak for å betra arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom å leggja til rette for retreat og arbeidsrettleiing.

Retreat

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2019 halde fram samarbeidet med Bergen diakonissehjem om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat. 10 – 20 deltakarar har deltatt kvar kveld. I fastetida 2019 vart det arrangert fasteretreat, og i adventstida adventsretreat.

Fleire prestar har i 2019 søkt og fått tilskot til å reise på retreat på ulike retreatstader både i inn- og utland.

Bispedømet har og i 2019 gitt tilbod om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer åndeleg rettleiing kan få tilbod om det hjå ein av dei. Det er fleire som har nytta seg av tilbodet. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp ved at dei har tilbod om sjølve å gå til åndeleg rettleiing og å få rettleiing på arbeidet dei gjer.

Å leggje til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Dei betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleda til dei som nyttar seg av tilboda.

Arbeidsrettleiing (ABV)

I 2019 har det vore ein auke i talet på deltakarar i ABV-gruppene i Bjørgvin bispedøme. Samla har 81 deltakarar tatt del i tilbodet fordelt på 14 ABV-grupper. 63 av deltakarane har vore prestar, 9 kyrkjeverjer, 6 diakonar, 2 kateketar og 1 kyrkjelydspedagog.

Av dei 14 gruppene har det vore:

- sju tverrfaglege grupper
- to seniorgrupper
- to prostegrupper, kor alle prostane har deltatt
- ei gruppe for kyrkjeverjer
- ei gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing
- ei gruppe for fengselsprestane

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta, og før ein får plass i ei ABV-gruppe. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

I 2019 fullførte fire medarbeidarar frå Bjørgvin, tre prestar og ein diakon arbeidsrettleiarutdanning (AVU) og vart godtkjente ABV-rettleiarar.

25. oktober 2019 var ABV-rettleiarane samla til fagdag. Hovudtema på fagdagen var: «ABV-rettleiing i stab».

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Ein bind seg for minst eitt år om gangen, og vel sjølv kor mange år ein vil vere med.

Godt over ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2019 vore med i ei ABV-gruppe, og det kjem mange tilbakemeldingar om verdien av å delta. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har.

4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja».

Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2019

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
70	16	22,8%	26	7	27%

I tilsettingane i 2019 var nesten ein tredel av dei tilsette kvinner. Basert på tala ser vi ei auke i **tilsettingar** av kvinner samanlikna med menn. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein raskare auke i talet på kvinner i prestestillingar.

Prostar

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

Indikator 2: Kvinneandel i leiarstillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret

Prestskapet	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Bjørgvin	2	8	10	20

Administrasjonen	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Bjørgvin	1	2	3	33,33

Når det gjeld kvinneandelen i leiarstillingar i prestskapet og administrasjonen, ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Dette inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinneandelane i bispedømet.

4.C Vurdering av mislighetsrisiko

Internkontroll: Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har samstundes vorte endringar i nokre rutinar grunna nye system i det nye rettssubjektet, noko som må følgjast opp i neste fase. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent. Vi har hatt gjennomgang både med tanke på Miljøfyrtårns resertifisering og med tanke på rutinar innafor konflikthandsaming og HMT generelt.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutinane fungerer etter intensjonen.

Bjørgvin bispedømme hadde i 2019 ekstra fokus på opplæring av prostane og verneomboda i mellom annan handsaming av varsling og avvik. Vi hadde gjennomgang og revisjon av intern kontorhandbok for administrasjonen. Vi hadde og resertifisering som miljøfyrtårn. Det blei gjennomført internrevisjon på HMT området, med forslag til tiltak for forbetring og læring.

V: Vurdering av framtidsutsikter

Björgvin bispedøme vil ha god evne til å kunne nå fastsette mål også i åra som kjem. Det er samstundes fleire forhold både i og utanfor eiga verksemd som påverkar i kva grad vi som bispedøme vil kunne utføre vårt samfunnsoppdrag.

Folkekyrkja stå sterkt, samstundes som det skjer endringar som gradvis reduserer oppslutninga om nokre tiltak og om tradisjonen, til dømes knytt til dåp og konfirmasjon. Kyrkja er viktig for folk, samstundes som det ikkje betyr at kyrkja er høgt på agendaen hos folk flest i det daglege. Likesæle, eller at ein tar kyrkja som sjølvstøtte, er ei utfordring vi som kyrkje må ta på alvor. Det handlar om å ta det offentlege rommet og synleggjere kva kyrkja er, og kva kyrkja bidreg med i samfunnet.

Oppslutning om dåp er det kritisk viktig å følgje med på, og å arbeide systematisk med. Dette handlar om teologi, og om praktiske ting som tilgjenge, men djupast sett handlar det om relasjonen foreldra har til kyrkja, tradisjonen og dåpen i seg sjølv.

Vi vurderer at tilslutning til konfirmasjon er relativt stabil og god. Det er samstundes nokre signal om lågare oppslutning. Strategisk satsing på konfirmasjon generelt og konfirmantleir spesielt har ført til god oppslutning og godt omdømme i bispedømmet. Dette er og del av langsiktig satsing i forhold til dåp. Vi har tru for at ei god konfirmasjonstid aukar sjansen for at ein seinare vel å døype borna sine.

Tillit og omdømme vert til i møtepunkta folk har med kyrkja. I kva grad ein føler at ein høyrer til handlar om korleis ein blir møtt, om språk og haldningar. Desse møtepunkta handlar om det som skjer lokalt, men og om korleis ein møter kyrkja i det offentlege rommet, på sosiale media og ulike plattformer. Det er difor viktig å prioritere godt arbeid med kommunikasjon og informasjon på alle nivå i kyrkja. Det å nå ut med alt det gode som skjer på ein slik måte at folk opplever å høyre til, og blir stolt av å høyre til, er vesentleg.

I Björgvin har vi enno ikkje heilt klart å dra nytten av medlemsundersøkinga som blei gjort i 2019. Vi ser at der er det noko meir å hente. Samstundes som vi gjerne skulle hatt nokre djupdykk for å forstå tendensane betre og vurdere signala betre. Til dømes å skilje betre på ulikskapen mellom by og land. Björgvin la i 2015 ned mykje ressursar på å arbeide med “å vere kyrkje i grisgrendte strok”. Dette arbeidet har eit potensiale vi ikkje har klart å dra nytten heilt ut av. Noko av det same gjeld medlemsundersøkinga. Vi tenkjer det difor vil vere nyttig å sette av ressursar og kompetanse på å arbeide vidare med dette, og å lære av dei bispedøma som synest å ha klart å trekke dei strategiske vala ut frå undersøkinga.

I 2019 fekk rDnk midlar til nye diakonstillingar over statsbudsjettet. I Björgvin bispedøme var det mange som stod klar med lokale eller kommunale midlar. I Bergen gjekk kommunen tungt inn, og dette saman med private og statlege midlar gav eit løft på fire stillingar berre i Bergen, i tillegg til eit prosjekt på ungdomsdiakoni i St Jakob. Bømlø, Meland og Gloppen fekk og midlar. Askøy og Radøy var også klare, men fekk ikkje midlar. Kyrkja sin diakonale profil gjennom gode tiltak og stor grad av frivillig arbeid er noko mange lokale politikarar ser verdien av.

I Björgvin har vi utfordring med folkevekst i nokre område og fråflytting i andre område. Dette gjev ulike utfordringar for til dømes diakoni og trusopplæring innan dei ulike geografiske områda. Omfordeling av ressursar vil kunne bli naudsynt, men det er krevjande prosessar.

Bjørgvin bispedøme har vore sentral i oppbygging av Bergen Kirkelige dialogsenter, Barnas katedral og Ung Katedral St Jakob. Ein arbeider no med eit prosjekt inn mot Fana prestegard. Dette handlar på ei side om kystpilegrimsleia, der det og er ulike prosjekt inn mot Selje, Kinn og Røldal. Det som skil Fana prestegard frå desse, er at det er bynært og har eit stort potensial for å bli eit stiftssenter som kan være ein ressurs på både retreatarbeid, pilegrimsarbeid og leiarutvikling for heile bispedømet.

I ei tid der oppslutning om dåp, gudstenester og andre aktivitetar går ned er det avgjerande at ein også vågar å satse på fordjuping. Det er potensiale for å nå ut til ei brei målgruppe, ved å fokusere på stille, helse og allmenne ord som alle forstår. Vi tenker kyrkja her har skattar som mange må få del i.

Godt samarbeid mellom dei ulike einingane og nivåa er viktig. Dette handlar om å samordne leiinga mellom dei to arbeidsgjevarlinene, og om å betre nytte ressursane samla. Det er viktig at ein landar arbeidet med kyrkjeleg organisering og at ein finn fram til modellar som frigjer mest mogleg ressursar til å vere kyrkje lokalt. Samstundes som ein då må sikre at kyrkja heng saman frå det lokale til det nasjonale, og at ein reduserer dobbeltarbeid og kan møte dei større utfordringane mest mogleg samla.

VI: Årsrekneskapen

6. 1 Leiingskommentarar

Innleiing

Bjørgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer fylka Hordaland, og Sogn og Fjordane. Frå 2020 har bispedømet og Vestland fylke felles grenser. Bispedømerådet er eit folkevalgt organ, vald etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i Kyrkjelova §23: «Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremmes samarbeid mellom de enkelte menighetsråd og lokale arbeidsgrupper i bispedømmet.»

Det har blitt gjort stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedtatt. Trass i utfordringar med rekruttering har det vore forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

For administrasjonen har år 2019 kravd ekstra ressursar knytt til arbeidet med effektivisering av merkantile tenester. Bjørgvin har hatt mange vakansar og med det både mange utlysingar og stort vikarbehov. Det har vore inne noko ekstra ressursar på Personal/HR for å løyse særlege utfordringar og for å styrke HMT arbeidet i bispedømet. Bjørgvin bispedøme har mista mykje god kompetanse og har måtte gjere endringar som har satt oss noko tilbake med tanke på å oppfylle dei oppgåvene vi er sett til å følgje opp. Det vil ta noko tid før ein har funne ei effektiv ny organisering på nokre av områda.

Vurdering av vesentlege tilhøve

Bjørgvin bispedømeråd har i 2019 hatt til disposisjon totalt kr 215.039.000. Mindreforbruket for 2018 var kr 2.598.000, tildelinga var kr 212.441.000.

Rekneskapen viser eit netto forbruk på 214.250.000. Dette gir eit mindreforbruk (overskot) på kr 666.000. Mindreforbruket fordelar seg på kr 204.000 i meirforbruk på drift, og kr 870.000 i mindreforbruk på tilskot.

Bjørgvin hadde også i deler av 2019 frikjøp av hovudtillitsvald for YS (Parat), 15%, samt for Akademikarane, 10%. I 2019 vart det ikkje gjort anskaffingar som skulle bokførast til avskrivning. Det vart gjort fornying av avtaler med sokn og fellesråd om finansiering av presteteneste. Det har vore satsa på ulike prosjekt med samarbeidsstillingar knytt til satsing på ungdom og rekruttering. Det har vore inne ekstra ressurs på HR og val. Det har vore tenestekjøp på godkjenningssaker på kunst og interiør frå Akasia. Konfirmantfestivalen Saman har hatt inne deltidsmedarbeidar(ar) og vore eit stort prosjekt i drift.

For Bjørgvin er NAV-refusjonar kr 4.588.000, budsjett 4.500.000.

Rekneskapen for Bjørgvin bispedømeråd inngår i den samla rekneskapen for rettssubjektet Den norske kyrkja, og vert revidert av revisjonsfirma Ernst & Young AS.

Bergen, 6. mars 2020



Vemund Atle Øiestad
bispedømerådsleiar



Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Budsjettgruppe 1A

Samla tildeling i gruppe 1A – ordinær drift – er kr 154 274 000. Rekneskapen viser eit netto forbruk på kr 154478 000. Dette gir eit meirforbruk på kr 204 000. Mange vakansar gjer at meirforbruket ikkje vert større.

Rapportering av status 31.12.2019			
- formål: å få frem summer og avvik pr budsjettgruppe og pr kontogruppe			
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1A - Driftsregnskapet	31.12.2019	31.12.2019	
Inntekter	-2 804	-1 104	1 700
Vareforbr/tilskudd	159	-	-159
Lønnskostnader	140 489	140 014	-475
Andr driftskostn	16 634	15 364	-1 270
Sum budsjettgruppe 1A	154 478	154 274	-204
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl. - Tilskudd *	31.12.2019	31.12.2019	
Trosopplæring	41 667	41 977	310
Diakoni/Undervisning/Kirkemusikk m.m.	17 238	17 790	552
Domkirke (Oslo og Nidaros)			-
Gruppe 2 (kun KR)			-
Gruppe 3 (kun KR)			-
Annet (inkl OVF utbet til eksterne)	867	875	8
Sum budsjettgruppe 1B, 2, 3 m.fl.	59 772	60 642	870
* Tilskudd = Koststed XXX4900			
Sum Dnk 2019	214 250	214 916	666

Spesifikasjoner:

Årsbudsjett 2019

Formål: spesifisere årsbudsjettet i tildelt ramme samt med planlagt bruk av Akk. mer/mindreforbruk

	Tildelt ramme 2019	Akk. mer/mindre- forbruk	Årsbudsjett 2019
Årsbudsjettet og bruk av mer/mindreforbruk			
Budsjettet under 1A	152 674	1 692	154 366
Budsjettet under 1B	59 767	906	60 673
Sum budsjettgrupper	212 441	2 598	215 039

Spesifikasjon av Ovf-midlene:	2019		
	Regnskap	Budsjett	Avvik
Ovf			
Administrasjon			-
Diakoni	147	147	-
Barn og unge	366	366	-
Gudstjenesteliv	60	60	-
Kirkemusikk og kultur	122	122	-
Samisk kirkeliv			-
Andre fellestiltak (inkl SMM)	150	150	-
Internasjonale og økumeniske organisasjoner	30	30	-
Ovf total (for rapportering til Ovf)	875	875	-

Risikovurdering økonomi

Den største risikoen er knytt til mangelen på presteressursar, og at vi på den måten ikkje får utført dei tenestene som er oppdraget til Den norske kyrkja. Bjørgvin opplever merkbar færre søkjarar til ledige stillingar. Dette gjeld til alle typar stillingar, også prostestillingar.

Bjørgvin bispedømeråd ser trong for at alle nivå i kyrkja samhandlar best mogleg for på den måten å få meir kyrkje for pengane. Det er naudsynt med ei omstilling som vert forvalta vist, og som gjer kyrkja til ein attraktiv arbeidsplass.

Vedlegg

Strategi – og årsplan 2018 - 2020

Gjennomført program for biskopen 2019